

Å vere eller å vera, det er spørsmålet.

Om bruken av jamstilte former i nynorsknormalen

Solveig Tveit Eggum

UND 350 - Masteroppgåve i læring og undervisning

Haustsemesteret 2014

HØGSKULEN I SGN OG FJORDANE/UNIVERSITETET I BERGEN



Avdeling for lærarutdanning og idrett



Forord

Litt over to år er gått sidan eg starta på masterutdanninga, og endeleg er eg i mål. Arbeidet har vore interessant, tidkrevjande, lærerikt og til tider noko frustrerande. Alt i alt har det vore ei positiv oppleving å skriva denne oppgåva, og eg har fått med meg mykje kunnskap og nye erfaringar som eg kan dra nytte av i læraryrket.

Tusen takk til rektorane ved dei tre skulane for at eg fekk koma og gjennomføra undersøkingane mine. Tusen takk til alle elevane og lærarane som deltok i spørjeundersøkinga mi, og ekstra takk til elevane som delte tekstar med meg. Utan dykk hadde det ikkje blitt noka oppgåve.

Tusen takk til rettleiaren min, Eli Bjørhusdal ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, for god rettleiing og nytige tilbakemeldingar gjennom heile arbeidsprosessen.

Tusen takk for at du råda meg til å laga spørjeundersøkingar i Google Drive, Elin. Det hadde vorte mykje ekstraarbeid utan ditt gode tips.

Og sist, men ikkje minst: Tusen takk til Sondre, Håvard og Jan Helge for tolmodigkeit og støtte. No er eg ferdig.

Solveig Tveit Eggum, Leikanger 14.10.2014

Samandrag

Nynorsknormalen opnar for mange jamstilte ord å velja mellom for brukarane av det nynorske skriftspråket. Sidan 2012 har skiljet mellom hovudformer og sideformer i den nynorske rettskrivinga vore oppheva. Valfridomen gjer at kvar og ein av oss lettare kan setja vårt personlege preg på det me skriv, og på den måten finna vår plass og kjenna oss heime i skriftspråket. Som norsklærar har eg mange gongar vore oppteken av kva for ordval elevar gjer i tekstane sine, og undra meg over kvifor elevane brukar dei ordformene dei gjer.

Denne masteroppgåva tek for seg valfridomen i nynorsk rettskriving. Målet i oppgåva er å kartleggja kva for jamstilte former elevar ved tre skular i Sogn brukar i nynorsk, og å belysa kva som kan vera med å forklara bruken av dei ulike formene. Temaet og målet for oppgåva førte fram til følgjande problemstilling: Kva for jamstilte former i nynorsknormalen trur elevar på tre ulike skular i Sogn at dei nyttar? Kva slags jamstilte former i nynorsknormalen brukar elevar på tre ulike skular i Sogn? Kva kan vera med på å forklara bruken av desse formene?

Oppgåva baserer seg på samfunnsvitskaplege undersøkingar. Dataa i oppgåva har blitt innhenta ved hjelp av dei kvantitative metodane spørjeundersøking og kvantitativ tekstanalyse. Informantane er 10. klasseelevar og lærarane deira ved tre ulike skular i indre og midtre Sogn. 91 elevar og 11 lærarar har svara på spørjeundersøkinga som tek for seg bruken av ulike jamstilte former i nynorsknormalen. Spørjeundersøkinga tek også for seg haldningar elevane og lærarane har til valfridomen. I den kvantitative tekstanalysen vert bruken av ulike jamstilte former i 54 elevtekstar registrert.

Hovudfunna frå granskingsa viser at mange elevar ikkje er medvitne om kva for ordformer dei skriv. Ein stort prosentdel av elevane trur dei skriv meir dialektnært enn det elevtekstane viser at dei gjer. Over 75 % av elevane ved dei tre skulane oppgir at dei har a-endingar i dialekten, og rundt 60 % av elevane oppgir at dei brukar infinitivsendinga 'a' når dei skriv. Likevel viser det seg at det ikkje er tilfellet, og at derimot vel 56 % av elevane nyttar e-endingar i infinitiv i tekstane sine. Funna viser også at somme ord blir skrivne meir dialektnært enn andre, og at det er skilnad frå skule til skule på kva for ordformer elevane skriv. I tillegg viser granskingsa at lærarane kan påverka elevane til å skriva slik dei gjer i deira bruk av former og vektlegging av valfridomen i undervisninga. Granskingsa viser at elevane er positive til val av former, og at lærarane ikkje har veldig sterke meininger i høve dette.

Abstract

In the Norwegian Nynorsk normal we have many optional word forms to choose between. Since year 2012 the partition between main forms and alternative forms in the Norwegian Nynorsk normal has been repealed. The freedom to choose word forms makes it easier for each one of us to write in a personal way, and thereby finding our place and feel at home in the written language. As a teacher of Norwegian I have many times been concerned with what word forms the pupils use and why they choose to write the forms that they do.

The topic of this Master thesis is the freedom of choice in the Norwegian Nynorsk orthography. The purpose is to survey which optional word forms pupils at three schools in Sogn use when writing Norwegian Nynorsk, and to clarify which factors that can contribute to the use of the word forms. The topic and the purpose of the task led to this approach to the problem: Which optional word forms in the Norwegian Nynorsk do pupils at three different schools in Sogn think that they use? Which optional word forms in the Norwegian Nynorsk are used by pupils at three different schools in Sogn? What can contribute to the use of the forms?

The task is based on social scientific research. The data in the task has been collected by the use of quantitative methods. A survey and a quantitative text analysis have been used as data collection tools. The informants are 10th grade pupils and their teachers at three different schools in Inner and Central Sogn. Ninety-one pupils and eleven teachers have responded to the survey. The survey has questions about the use of optional word forms in the Norwegian Nynorsk normal and about what attitudes the pupils and their teachers have towards the freedom to choose forms. In the quantitative text analysis the use of optional forms in fifty-four texts is registered.

The main findings of this research show that a high percentage of the pupils are not aware of which word forms they use. A high percentage of the pupils think that they write closer to their dialect than their texts show that they really do. Over 75 % of the pupils at the three different schools claim that they have a-endings in the infinitive form in their dialect, and about 60 % of the pupils claim that they use the ending 'a' in the infinitive form when they write. Yet, it turns out that 56 % of the pupils use e-endings in the infinitive in their texts. The findings also show that some type of words are closer to the dialect than others, and that there are differences from school to school when it comes to which word forms the pupils write. Furthermore, the research shows that teachers, by their use of forms and their emphasis on the freedom to choose word forms in their teaching, can influence the pupils' writing. Finally, the research shows that the pupils have positive attitudes towards the opportunity to choose word forms, and that their teachers do not have very strong opinions on this matter.

Innholdsliste

1. Innleiing	7
1.1 Emne og føremål med oppgåva	7
1.2 Problemstilling.....	7
2. Teoretiske perspektiv og tidlegare forsking	8
2.1 Valfridom i norsk rettskriving	8
2.1.1 Omgrepsavklaring og avgrensingar.....	10
2.2 Faktorar som påverkar korleis elevane skriv.....	11
2.2.1 Normer og normeringsagentar.....	11
2.2.2 Sosiale nettverk og sosiale media	12
2.2.3 Språkteknologi som normeringsagent	13
2.3 Påverknadsfaktorar av størst interesse i denne oppgåva	13
2.3.1 Dialekten som påverknadsfaktor	14
2.3.2 Lærarar sin bruk som påverknadsfaktor	15
2.3.3 Elevar og lærarar sine haldningar som påverknadsfaktor.....	16
3. Metode og gjennomføring.....	18
3.1 Val av metode	18
3.2 Val av informantar.....	19
3.3 Spørjeskjema og kvantitativ innhaldsanalyse av tekstar	19
3.4 Innmelding av prosjektet til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD)21	21
3.5 Kontakt med skulane.....	21
3.6 Gjennomføring av spørjeundersøking og innsamling av elevtekstar	21
3.7 Databehandling	23
3.7.1 Registrering og behandling av spørjeskjema frå elevar og lærarar	23
3.7.2 Registrering av ordformer i elevtekstar	23
3.8 Kvalitetssikring, validitet og reliabilitet	24
3.9 Forskingsetiske vurderingar	25
4. Resultat og drøfting	26
4.1 Deltaking i undersøkinga.....	26

4.2 Infinitivsendingar i dialekten	27
4.3 Hovudmålet til elevane og lærarane.....	29
4.4 Skriftleg bruk av infinitivsendingar.....	30
4.4.1 Elevane sin sjølvrapporterte skriftlege bruk av a,- og e-endingar i infinitiv	30
4.4.2 Bruk av a,- og e-endingar i infinitiv i elevtekstane.....	31
4.4.3 Lærarane sin sjølvrapporterte skriftlege bruk av a,- og e-endingar i infinitiv....	31
4.5 Andre valfrie former.....	33
4.5.1 So/så	33
4.5.2 Då/da	35
4.5.3 Me/vi	37
4.5.4 ø eller y/u?.....	39
4.5.5 gg eller gjj?	41
4.6 Elevhaldningar og lærarhaldningars som påverknadsfaktor for bruken av jamstilte former	43
4.6.1 I kva grad elevane likar å skriva nynorsk og bokmål.....	43
4.6.2 I kva grad lærarane likar å skriva nynorsk og bokmål.....	44
4.6.3 Kva målform elevane og lærarane helst skriv i fritida	45
4.6.4 Kor gode elevar og lærarar sjølve meiner dei er i nynorsk rettskriving	46
4.6.5 Elevane og lærarane sine haldningars til å kunna velja former	47
4.6.6 I kva grad lærarane legg vekt på valfridomen i undervisninga	51
5. Konklusjonar	51
6. Sluttord om vegen vidare	54
7. Litteraturliste	56
8. Vedlegg	59
Vedlegg 1: Kvittering frå NSD	59
Vedlegg 2: Informasjonsskriv til elevar og lærarar	61
Vedlegg 3: Førespurnad til rektorane.....	63
Vedlegg 4: Spørjeundersøkinga til elevane.....	64
Vedlegg 5: Spørjeundersøkinga til lærarane.....	72
Vedlegg 6: Tabellar.....	80

1. Innleiing

1.1 Emne og føremål med oppgåva

Som norsklærar har det forundra meg at somme elevar trur a-endingar i infinitiv berre er dialekt, og dermed ikkje er lov å skriva på nynorsk. Eg har også stilt meg undrande til elevar som skriv e-endingar i infinitiv og ‘vi’ i staden for ‘me’ når dei kjem frå indre Sogn, og har a-endingar og ‘me’ i dialekten sin. På den eine sida kan ein lura på om elevane veit at dei har lov til å skriva a-infinitiv. Kan det vera at dei ikkje kjenner til dei valfrie formene? «‘Valet’ mellom det du veit noe om og det du ikkje veit om, er sjølv sagt ikkje noe val», seier såleis språkvitaren Roger Lockertsen (Lockertsen, 2007). På den andre sida kan det også vera at elevane medvitne vel å skriva annleis enn dei snakkar.

Med dette i fokus har eg i masteroppgåva mi undersøkt kva for valfrie former elevar i Sogn skriv i nynorsk. Eg har gjennomført ei kvantitativ spørjeundersøking blant 10. klasseelevar og lærarane deira ved tre ulike skular i Sogn. I tillegg til spørjeundersøkinga har eg analysert elevtekstar frå 10. klassingar ved dei tre skulane. Indre og midtre Sogn vart valt som område fordi dialekten her har a-mål. I oppgåva har eg blant anna undersøkt om elevane i Sogn skriv a-endingar eller e-endingar i infinitiv, kva for infinitivsendingar dei trur dei nyttar, om dei brukar a-endingar eller e-endingar i tale, om dei trur dei vel pronomenet ‘vi’ eller ‘me’ i 1.person fleirtal og kva for pronomen dei faktisk nyttar. Som ledd i å prøva å forklara kvifor elevane brukar dei formene dei gjer, har eg også undersøkt kva for former lærarane deira nyttar, og kva for haldningar elevane og lærarane har til valfrie former i nynorsk.

Det er mange faktorar som kan vera med å påverka til korleis elevane skriv. Eg har sett på fleire av dei, men i hovudsak konsentrert meg om desse elev-skule-faktorane: elevane sitt talemål, lærarane sin påverknad, elevane si haldning til jamstilte former og lærarane si haldning til jamstilte former. Målet i denne masteroppgåva har såleis vore å kartleggja kva for jamstilte former elevar ved tre skular i Sogn trur dei brukar i nynorsk, kva for former dei faktisk nyttar, og dessutan å belysa kva som kan vera med å forklara bruken av dei ulike formene.

1.2 Problemstilling

Problemstillinga eg vil jobba utifrå er tredelt:

Kva for jamstilte former i nynorsknormalen trur elevar på tre ulike skular i Sogn at dei nyttar? Kva for jamstilte former brukar elevane? Kva kan vera med på å forklara bruken av desse formene?

2. Teoretiske perspektiv og tidlegare forsking

I dette kapittelet vil eg ta for meg teoriar og tidlegare forsking om valfridomen i norsk rettskriving, og om kva som kan vera med på å forklara bruken av dei ulike formene. Det finst mykje sosiolinguistisk litteratur om faktorar som kan vera med på å forklara kvifor elevane skriv som dei gjer. Eg vil ta for meg nokre av desse, men i hovudsak konsentrera meg om «skule-elev-faktorar». Sosiolinguisten Reidun Hernes (2012) skriv at det i norsk sosiolinguistik alltid er talemåsstudiane som har dominert. Desse studiane har blant anna gitt oss forståing for samanhengen mellom språk og identitet. Forskinga som har teke for seg skriftspråk har i større grad knytt seg til korrektheit. Hernes viser i si undersøking frå 2012 at måten me skriv på, på same måte som måten me snakkar på, også fortel mykje om kven me er. Sosiolinguistisk teori kan altså også brukast på skriftspråkleg materiale, og eg kjem difor til å nytta meg av sosiolinguistiske teoriar nedanfor.

Først skal eg likevel gjera nokre sentrale omgrepssavklaringar når det gjeld norsk rettskriving, gjera greie for kva valfridomen i norsk rettskriving er, og for kva for delar av denne som er relevant for oppgåva mi.

2.1 Valfridom i norsk rettskriving

For både bokmål og nynorsk har valfridomen vore motivert av nasjonale, sosiale og pedagogiske omsyn (Wiggen, 1997). På 1890-talet kom valfridomen for å bli i norsk rettskriving. Moltke Moe blir rekna som valfridomens far. Han spelte ei sentral rolle som medlem av ein departemental rettskrivingskomité og som fag,- og språkkonsulent for Nordahl Rolfsen då han starta å gi ut leseverket sitt i 1892 (Gundersen, 1987).

Så lenge dei valfrie formene har eksistert har det også vore motstand mot dei, og opp gjennom dei ulike rettskrivingsreformene har prinsippa om valfridom og innsnevring av valfridomen gått hand i hand. Leksikografen Dag Gundersen (1987) skriv at valfridomen har vore eit språkpolitisk verkemiddel som har blitt brukt til å fremja intensjonane i den offisielle språkpolitikken. Desse intensjonane er, og har vore språkleg uavhengigheit av Danmark, tilnærming mellom dei ulike skriftspråksvariantane av norsk, tilnærming til talemålet, forenkling og fornorskning. Vidare seier Gundersen at «hensikten med språklig valgfrihet er at alle skal kjenne seg hjemme i det skriftspråket

de bruker» (Gundersen, 1987, s. 37). Norskdidaktikaren Geir Wiggen skriv dette om det pedagogiske omsynet:

(...) så lenge det har vært valgfrihet i norsk rettskriving, har den ikke minst vært pedagogisk grunngitt. En hovedtanke bak både den nasjonalt og den sosialt motiverte valgfriheta har hele tida vært å gjøre skriftspråket så morsmålsnært som mulig. Det nære er lettere å lære og å kjenne som sitt eget enn det som er mer fremmed. Vegen til skriftspråklige ferdigheter går alltid via den enkeltes talte morsmål, og bare få blir så drevne i å lese og skrive at de gjør det uten støtte i taletmålet sitt. (Wiggen, 1997).

Den siste nye rettskrivinga i nynorsk vart vedteken av Kulturdepartementet den 22. september i 2011, og frå 1. august 2012 vart den nye rettskrivinga teken i bruk. Inntil denne nye rettskrivinga kom var det nynorskskrivinga av 1959 som hadde vore gjeldande. I den nye rettskrivinga er skiljet mellom hovudformer og sideformer i rettskrivinga oppheva. Dette vil seia at alle formene no er jamstilte, og at det ikkje lenger er noko skilje mellom kva for former elevane kan skriva, og kva for former som blir brukt i lærebøker og i offentleg forvaltning (Språkrådet, 2014). Alle godkjende former har no lik status (Kinn, 2013). Mange sideformer og også ein del hovudformer er med denne rettskrivinga borte, til dømes «plome», «drøm» og «mye». På den andre sida er ein del sideformer blitt gjeldande rettskrivingsformer, og nokre nye ordformer er også blitt inkluderte i den nye rettskrivinga, til dømes «mengde» og «ønska» (Fretland & Søyland, 2013, s. 123-144).

Alle former er altså blitt hovudformer i den nye rettskrivinga, men framleis er det stor valfridom. Ein kan til dømes velja om ein vil skriva a-endingar eller e-endingar i infinitiv, og om ein vil bruka 'vi' eller 'me' som personleg pronomen i første person fleirtal.

Tidlegare har det vore gjort ein del forsking rundt kva slags former profesjonelle språkfolk vel når dei skriv. Det har også vore forska på korleis nynorsknormalen har utvikla seg gjennom det siste hundreåret. Desse undersøkingane viser at innhaldet i nynorsknormalen heile tida har utvikla seg, og at det opp gjennom åra har vore usemje med tanke på kva slags ord og former som skal få plass i normalen (Omdal & Vikør, 2002).

I etterkrigstida har det nynorske skriftspråket meir og meir nærma seg bokmål. Nynorske ordformer som tradisjonelt sett har blitt rekna som «radikale» er no meir vanlege. Eksempel på slike ordformer er 'vi', 'derfor' og 'e'-infinitiv, ifølgje normforskaren Jan Olav Fretland (Fretland, 2003).

Undersøkingar av bruken av nynorsk i ulike samanhengar viser til dømes at e-infinitiv dominerer.

Desse viser til dømes at e-infinitiv dominerer. Det er likevel ikkje forska nok på dette til å kunna seia noko om kor utbreidd bruken av radikale ordformer i nynorsken er (Fretland, 2003, s. 135).

Språkvitaren Lars Vikør (2002) skriv i ein artikkel om utviklinga av nynorsk mellom 1950 og 2000 at a-endinga var dominerande i infinitiv fram til rundt 1960. Deretter overtok e-endinga, og vart gradvis den dominerande forma, sjølv om a-endingar og e-endingar er likestilte i nynorsk rettskriving. «Denne endringa kan ha komme av at mange følte at a-endinga delvis fekk eit stempel som «tradisjonell», delvis som typisk for det sørvestlandske a-målsområdet. Der har a-infinitiven halde seg godt, og han blir også brukt for å markere eit tradisjonelt (men ikkje svært tradisjonelt) nynorsk», seier Vikør (Vikør L. S., 2002, s. 7).

2.1.1 Omgrepsavklaring og avgrensingar

Jamstilte ordformer

Jamstilte ordformer er dei ulike formene eit ord kan skrivast på ifølgje rettskrivingsnormalen. Eit eksempel på jamstilte former frå nynorsknormalen er 'så' og 'so' og 'vi' og 'me'. I val av former legg eg det å kunna velja mellom dei jamstilte formene.

Konservativt og radikalt nynorsk

Dei formene av nynorsk som ligg nærmast bokmålet vert kalla radikal nynorsk, medan dei formene som ligg lengst frå bokmålet, og oftast nærmast Ivar Aasen sin normal, vert kalla konservativt nynorsk (Simonsen, 2004)

[...] Det er i alle fall interessant å se at det uansett regnes som mest radikalt å velge former som nesten opphever skillet mellom de to språkene. Man skulle kanskje tro at det var omvendt. At det mest radikale lå i å være mest nynorsk» eller mest dansk» (Simonsen, 2004).

Eg kjem til å bruka termane konservative og radikale former, men vil også referera til 'meir' og 'mindre bokmålsnære former'.

I denne oppgåva hadde det blitt for omfattande å konsentrera seg om alle moglege jamstilte former i den nynorske rettskrivinga. Eg har difor valt ut nokre av dei, og kjem i størst grad til å konsentrera meg om a-endingar/e-endingar i infinitiv. I tillegg vil eg kartleggja bruken av desse orda: 'så'/'so', 'da'/'då', 'vi'/'me', 'søster'/'syster', 'ønske'/'ynske', 'søndag'/'sundag', 'byggja'/'bygga'/'byggje'/'bygge' og 'liggja'/'ligga'/'liggje'/'ligge'. Eg tykkjer det vil vera interessant å finna ut om elevane skriv orda i dialekten, eller om dei brukar andre former når dei skriv enn det dei

gjer når dei snakkar. Det kan argumenterast for at det vil vera viktig at me held på formene som fell i hop med dialekten vår, slik at dei ikkje blir borte frå den nynorske rettskrivinga. Etter den nye rettskrivinga kom i 2012 har fleire bøyingsformer frå dialekten i Sogn blitt borte frå rettskrivinga, til dømes 'soli' og 'døri' (Fretland & Søyland, 2013). Dette tykkjer eg er uheldig, sidan mange dermed ikkje får bruka former som kanskje hadde gitt dei kjensla av å kjenna seg heime i skriftspråket.

2.2 Faktorar som påverkar korleis elevane skriv

Etter at me har lært å lesa vert me heile tida eksponert for skriftspråket, og på ulike måtar påverka til å skriva på ein bestemt måte. Det er mange ulike faktorar som påverkar elevane til å skriva som dei gjer. Sosiolinguisten Tove Bull meiner elevane sitt skriftspråk blir påverka av to hovudfaktorar:

1. mengda og arten av det dei les
2. haldningane og motivasjonen elevane sjølv har til skriftspråket og skriftspråkleg variasjon (Bull, 1987, s. 45).

Med utgangspunkt i Bull sine hovudfaktorar ser eg i dei neste kapitla nærmare på ulike faktorar som kan påverka korleis elevar skriv.

2.2.1 Normer og normeringsagentar


Sosiolinguisten Helge Sandøy (2003) skriv om normer og normeringsagentar som påverknadsfaktorar.

Normer er «førrestillingar hos individet om kva som er forventa i kollektivet» (Sandøy, 2003a, s. 259).

Slik sett kan ein sjå normene som ei kollektiv tru, og dette gjeld også for språknormene. Etter kvart som tida går endrar normene seg. Me som menneske er merksame på normene, og gjennom å justera trua om kollektive forventningar sikrar me oss heile tida at me er tilpassa andre sine forventningar. Som tolkande menneske blir me stadig utsett for faktorar som me innhentar og som fører oss vidare i konstruksjonen av normer. Sandøy nemner nokre av desse faktorane som gjeld normer i skriftspråket:

1. Frekvens i bruken, dvs. repetert synsbilete.
2. Observasjonane me gjer oss av korleis andre reagerer.
3. Ideologiar om språk som avspeglar samfunnssyn, samfunnsverdiar og det kulturelle hegemoniet.
4. Statusen og rolla til skriftprodusenten.
5. Situasjonsvariabelen. Ytringar, reaksjonar og kommentarar kan bli ulikt vekta avhengig av situasjonen dei oppstår i (Sandøy, 2003a, s. 262).

Den norske normeringssirkelen ser ifølgje Helge Sandøy slik ut:



Pilene i modellen ovanfor viser kven som påverkar kven. Avisene og forlaga får mange piler ut, sidan dei påverkar så mange. Lesarane og elevane får flest piler inn fordi dei har flest agentar som påverkar dei (Sandøy, 2003a, s. 266).

Elevane les blant anna bøker frå ulike forlag, aviser, tekstar på Internett og teksting på filmar og TV. På alle desse områda er det bokmål som dominerer. I Tove Bull sitt spørsmål om mengd og art av det ein les, kan ein vel slå fast at bokmål er det elevar les mest av, òg i Sogn. Ein kan tenkja seg at dette kan føra til at elevane lettare vel dei mest bokmålsnære formene i nynorsk.

2.2.2 Sosiale nettverk og sosiale media

Ragnhild Haugen (no Anderson) skreiv i 2004 doktorgradsavhandling om språk og språkhaldninga hjå ungdomar i Sogndal. Her skriv ho at ho ved hjelp av tre djupintervjuinformantar fekk inntrykk av at

[...] den sterkeste påverknadskjelda på språket deira var dei sosiale normene dei hadde tileigna seg i kontakten med foreldre og vener i det nærmeste sosiale nettverket. Denne kontakten fortalte òg i høg grad kva normer dei sjølve hadde internalisert, kva verdisyn dei hadde og kven dei identifiserte seg sterkest med (Haugen, 2004, s. 362).

Det sosiale nettverket kvar enkelt har kan påverka korleis ein snakkar (Mæhlum, 2003a), og truleg då også korleis ein skriv. Det sosiale nettverket vårt vert stadig større. I dag har ungdommar store nettverk gjennom mange ulike sosiale media. På Internett kan ein i dag ha eit mykje større «nært» nettverk enn berre for nokre år tilbake. Facebook, Instagram, Twitter og Snapchat er døme på store sosiale nettverk. Her poppar det ut svært mange skriftlege statusar og oppdateringar kvar einaste dag. Ungdommar er aktive på dei sosiale nettverka, og les mykje på nettet. Elevane vert truleg påverka av det dei les og også skriv på Internett og sosiale media når dei sjølve skal skriva.

Masteroppgåva til Hjalmar Eiksund (2010) tek for seg lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag. Her seier han også noko om elevane sin bruk av nynorsk og bokmål på fritida. Eiksund skriv at 81-100 % av elevane ved dei skulane han hadde undersøkinga ved las tekstar på Internett kvar dag. Mykje av det dei las på Internett var skrive på dialekt av jamaldringar. Eiksund skriv også at nynorsk for dei fleste elevane berre har plass som skulespråk. Han konkluderer med at det kan verka som om elevar med nynorsk som hovudmål har vanskelegare for å bruka skriftspråket sitt i sosiale samanhengar enn elevar med bokmål som hovudmål (Eiksund, 2011).

Gudrun Kløve Juuhl har undersøkt ungdommar sine digitale tekstar i doktoravhandlinga si om elevar si skriving. Om teksten/tekstane til ein av ungdommane skriv ho at språket varierer mykje frå bokmål til tradisjonell lokal dialekt (Juuhl, 2014). Juuhl trur at «Å nytta bokmål konsekvent i sosiale medium ville kanskje signalisera ei orientering bort frå lokalsamfunnet, som det ikkje er sikkert Mari er interessert i sjølv om ho har valt bokmål som hovudmål på skulen» (Juuhl, 2014, s. 178).

2.2.3 Språkteknologi som normeringsagent

Språkteknologi, som stavekontroll i tekstbehandlingsprogram, kan også vera med på å påverka til korleis elevar skriv. I staden for raudblyant frå læraren får ein no direkte tilbakemelding frå stavekontrollen i tekstbehandlingsprogramma om ord som er feilskrivne. Ein kan likevel stilla spørsmål om i kor stor grad ein kan lita på desse rettingane. I Word 2010 får ein til dømes raud strek under ordet 'skole' sjølv om det i følgje rettskrivinga er lov å skriva på nynorsk. «Det finnes dessverre språkfolk som anser det som helt usannsynlig at Microsoft skal kunne øve noen innflytelse gjennom mer eller mindre brukbare programmer for ordrettning og grammatikkontroll» skriv Kolbjørn Slethei (2003, s. 274).

2.3 Påverknadsfaktorar av størst interesse i denne oppgåva

I det føregåande kapittelet har eg teke for meg mange ulike faktorar som kan påverka korleis elevar skriv. Vidare konsentrerer eg meg om dei faktorane som er av størst interesse i oppgåva mi, nemleg dialekt, lærarar sin bruk av former og elevar og lærarar sine haldningar til valfridomen i nynorsknormalen.

2.3.1 Dialekten som påverknadsfaktor

«En dialekt er et lokalt, regionalt, eller generelt territorielt definert språksystem. Dette geografiske grunnlaget innebærer dermed at en dialekt blir betraktet som eksklusiv for en viss lokalitet», seier sosiolinguisten Brit Mæhlum (Mæhlum, 2007, s. 57). Ifølgje Mæhlum hører Indre Sogn til det sørvestlandske språkområdet. I dette språkområdet endar infinitivar og svake hokjønnsord på -a. I Indre Sogn seier ein eksempelvis ‘å skriva’ og ‘ei kaka’. Pronomenformene i 1.person eintal og fleirtal er ‘eg’ og ‘me’ i heile det sørvestlandske området (Mæhlum & Røyneland, 2012).

Ser me nærmare på sognedialekten, så kan den igjen delast i to. Dialekten i kommunane Årdal, Lærdal og Luster, utanom Jostedalen, vert rekna til indresognsmål, medan målet i kommunane Sogndal, Leikanger, Balestrand, Vik og Aurland hører til midtresognsmål. Det er vanskeleg å skilja desse to måla, men ifølgje Ragnhild Haugen (no Anderson) (2004) er det nokre skilnader. I indresognsmål blir det personlege pronomenet i 1. person fleirtal uttala /me:/, medan det i midtresognsmål blir uttala /mi:/ (Haugen, 2004). Dei skulane eg har hatt undersøkingar ved ligg i området for midtresognsmål og indresognsmål. To av skulane ligg i området for midtresognsmål, medan ein ligg i området for indresognsmål. Ved skulen som ligg i området for indresognsmål er det også nokre elevar som har ein særeigen dialekt på grunn av innvandring frå Nordfjord etter svartedauden. Desse elevane har e-infinitiv i staden for a-infinitiv i dialekten sin.

Tidlegare rettskrivingsforskning viser at skriftspråksformer til ei viss grad byggjer på talemålsformer. Geirr Wiggen byrja på slutten av 1970-talet å undersøkja kva for rettskrivingsavvik elevar gjer. Han enda til slutt opp med å ha studert 941 tekstar og heile 102 390 ord (Wiggen, 1996). Frå desse undersøkingane framhevar han at om lag halvparten av alle normavvika elevane gjorde i løpet av dei seks første skuleåra sine var talemålssamsvarande. Rettskrivingsavvika samsvarte altså med fonologien og morfologien i talemåla til elevane. Wiggen skriv også at ”Den relative andelen talemålssamsvarende avvik øker for hvert klassesteg. Normene som styrer det talte språket, synes mao. å virke sterkt inn på rettskrivinga” (Wiggen, 1996, s. 150). Hilde Melby har også gjort ei undersøking av rettskrivingsavvik blant trønderske tiendeklassingar (2005). Denne studien tek for seg rettskriving på både barneskule- og ungdomsskulenivå. Hennar studie viser, likeins med Wiggens, at den relative delen av feil som er talemålskorrelerte aukar oppigjennom barnesteget og ungdomssteget (Melby, 2005). Desse undersøkingane viser såleis at elevane støttar seg til talemålet når dei skriv.

Mange sosiolinguistiske studiar har vist at jenter og kvinner, uavhengig av sosial klasse og alder, snakkarer meir standardhært enn gutter og menn. Gutar har vist seg å vera meir lojale mot lokale

substandardnormer enn jenter, jenter er altså meir opne for det dominerande (Røyneland, 2005). Sidan jenter er meir opne for det standardnære og dominerande i dialekten, er det godt mogleg at dei også er det i skriftspråket. Ein kan såleis tenkja seg at jentene i høgare grad enn gutane vel dei bokmålsnære ordformene når dei skriv nynorsk.

2.3.2 Lærarar sin bruk som påverknadsfaktor

Det finst ikkje så mykje forskingslitteratur om kva for rolle lærarar har som påverknadsfaktor for korleis elevane skriv. Som me har sett, seier Sandøy (2003) gjennom normeringssirkelen sin at lærarane kan vera med å påverka til korleis elevar skriv (Sjå figuren i kapittel 2.2.1.). Også normforskaren Helge Omdal hevdar i Språknytt i 2004 at læraren gjennom rettleiing og retting har stor påverknad på elevane si språklege meistring og språknormoppfatninga:

Læreren har makt til å påvirke elevenes kunnskaper både om valgfriheten og variasjonsmulighetene i norsk rettskriving – og samtidig la sin personlige «språksans» komme til uttrykk der den eventuelt ikke samsvarer fullt ut med offisiell norm, eller på ikke-normerte områder av språkbruken (Omdal, 2004, s. 13).

I Stortingsmelding nr. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer* blir det sagt om læring i norskfaget at læraren sin kompetanse i norskfaget er svært avgjerande både for elevane si læring i norsk generelt, men også for elevane si utvikling av grunnleggjande lese,- og skriveferdigheiter. Norskdidaktikaren Synnøve Skjøng skriv at grunnlaget for desse skulepolitiske utsegnene er å finna i nyare forsking om læring (Skjøng, 2011).

Også Anders Aanes (2009) skriv at læraren si rolle overfor språkvala som elevane gjer ikkje må undervurderast. Han viser til Celia M. Berg si undersøking (2009) som hevdar at eleven vert pressa bort frå eigne formval av læraren. Berg peiker på fleire moglege grunnar til dette. Det kan vera at lærarane sjølv ikke har god nok kunnskap om valfridomen, men det kan også vera at lærarane er negative til ei heterogen norm av språkpolitiske grunnar (Berg, 1999a).

Roy Johansen undersøkte i 1998 korleis elevar i Aust-Agder skreiv. Han fann ut at dei var svært opptekne av kva dei kunne oppnå med å skriva på den eine eller andre måten, altså kva karakterar dei fekk. Det viste seg at elevane var opptekne av reaksjonane læraren hadde på det dei skreiv, og at dei ikkje kjende seg som frie formveljarar fordi læraren i tilbakemeldinga si tilråda dei til å halda seg til bestemte former (Johansen, 1998). Denne undersøkinga viser difor at læraren påverkar korleis

elevane skriv. Eg meiner alle lærarar, ikkje berre norsklærarane, utgjer ein stor påverknadsfaktor. Alle lærarar skriv noko som elevane les på tavla, i tilbakemeldingar og på ulike skriv og arbeidsplanar.

2.3.3 Elevar og lærarar sine haldningar som påverknadsfaktor

Språkhaldningane våre er viktige for korleis me skriv og snakkar. Ordet ‘haldning’ eller ‘innstilling’ er velkjent innan sosialpsykologien. I desse orda ligg det at ein er førebudd på å reagera positivt eller negativt på ulike sosiale objekt. Som menneske har me haldningar både til ulike personar og grupper, men også til ulike verdiar og idear (Mæhlum, 2003b). Me kan få haldningane våre frå eigne erfaringar eller tileigna oss dei ifrå venner, familie eller andre som me omgåast, og har valt å identifisera oss med. Mange språkforskarar har vore opptekne av at det er samanheng mellom identitet og språkbruk. Filosofar, psykologar, antropologar og andre fagfolk har også støtta denne samanhengen. Me presenterer identiteten vår gjennom språket, og såleis kan språket bli betrakta som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane me har.

Ifølgje den språklege tilpassingsteorien varierer me altså talemålet vårt alt etter kven me snakkar med (Mæhlum, 2003a). Denne teorien kan overførast til skriftspråket. Elevane vel kanskje å skriva andre former når dei skriv ein tekst som læraren skal lesa, enn når dei skriv til kvarandre. «Hos elevar kan dette vere så enkelt som at dei brukar ei språkform som gir uttrykk for at dei er flinke – slik at dei oppnår god karakter», seier Helge Sandøy (Sandøy, 2003b, s. 193).

Haldningane våre viser ofte motstand mot forandring fordi dei inngår i sosiale samanhengar, og på den måten blir ein del av vår eiga oppfatning, og også ein del av vår oppfatning av andre (Mæhlum, 2003b). Mange undersøkingar viser at det er umogleg å studera språkhaldningar isolert fordi me også samtidig vil vurdera brukarane av språket. Mæhlum seier at me i språkbruken vår kan koma opp i normkonfliktsituasjonar. Dette er situasjonar der me til dømes kan ønskja å bruka dialekten frå heimstaden på den eine sida, og på den andre sida kan ønskja å bruka variantar frå meir prestisjefulle talemål. I skriftspråket kan ein oppleva dei same normkonfliktane dersom ein ønskjer å skriva talemålsnært samtidig som ein ønskjer å bruka meir prestisjefulle ordformer (Mæhlum, 2003b).

Kva viser så tidlegare studiar om kva for haldningar elevar og lærarar har til valfridomen i det nynorske skriftspråket?

Anders Aanes undersøkte i 2011 i masteroppgåva si korleis elevar i den vidaregåande skulen i Møre og Romsdal opplever valfridomen i nynorsk. Undersøkinga hans viser at av elevane med nynorsk som

hovudmål er fordelinga lik mellom dei som ønskjer ein skriftnormal med valfridom og dei som ønskjer mindre valfridom. Fleirtalet av elevane med nynorsk som hovudmål svarte også at valfridomen ikkje hadde vore viktig for dei (Aanes, 2011). Reidunn Hernes drøftar i artikkelen sin frå 2012 kvifor språkbrukarar skriv som dei gjer i ulike situasjonar. I ei undersøking blant lærarstudentar i Bergen kom ho fram til at når studentane skal velja målform i formelle situasjonar vel dei den målforma dei meistrar best, medan dei heller legg vekt på å velja former dei kjenner seg heime i når dei skal velja målform i uformelle skrivesituasjonar (Hernes, 2012).

Då sosiolingvisten Gunnstein Akselberg i 2007 undersøkte haldninga til talemålsnormering og talespråkleg praksis blant elevar og lærarar ved vidaregåande skule ved ein skule i Hordaland, fann han at fleire elevar og lærarar meinte at ein ikkje bør ha valfrie former i nynorsk. Både elevane og lærarane var noko ueinige innbyrdes om nynorsk bør byggja på talemålet eller ikkje. Mange av elevane meinte at nynorsk ikkje burde byggja på talemålet, medan dei fleste lærarane meinte at nynorsk bør gjera det. Akselberg konkluderte med at det kan vera mogleg at lærarane i større grad enn elevane vektlegg at dei valfrie formene i skriftspråket kan reflektera talemålet (Akselberg, 2009).

Celia M. Berg har også undersøkt språkhaldninga ved vidaregåande skular. I 1999 granska ho i ein større studie kva forhold elevar ved vidaregåande skular på Voss og i Haugesund hadde til skriftspråket sitt og til valfridomen i nynorsknormalen. Ho såg også på i kor stor grad denne delen av norskfaget vert vektlagd i undervisninga. Berg kom fram til at elevane med nynorsk som hovudmål var sikrare på korleis dei skreiv enn elevane med bokmål som hovudmål. Nynorskelevane brukte termene «talemålsnært», «radikalt» og «konservativt» om skriftspråket sitt. Men sjølv om elevane med nynorsk som hovudmål var sikrare på korleis dei skreiv enn elevane med bokmål som hovudmål, fann Berg ut at nynorskelevane peika på to hovudproblem. Det eine problemet var lærarar som gav betre karakterar til elevar som hadde eit konservativt språk. Dette førte til mindre valfridom for elevane, fordi dei ønskete å skriva seg til betre karakterar. Det andre hovudproblemet var at elevane via dialekten blanda inn bokmålformer i nynorsken. Resultata frå undersøkingane til Berg viste også at valfridomen i nynorsknormalen var lite vektlagt i undervisninga (Berg, 1999b).

Helge Omdal har gjennomført både ei studentundersøking og ei lærarundersøking for å granska kjennskapen til språknormene. Han fann at både elevar og lærarar har manglande kunnskapar om valfridomen i norsk rettskriving, og hevdar at mykje tyder på at den store graden av valfridom i språknormeringa ikkje fungerer hensiktsmessig (Omdal, 2003). I ei undersøking blant nynorskstudentar gjort av Ragnhild Anderson i 2007 ser det ut til at meistringa av nynorsk er tett knytt til innstillinga studentane har til det nynorske skriftspråket (Anderson, 2007).

Tove Bull meiner at det frå lærarhald ofte har vore uttrykt otte og uro for den store valfridomen i rettskrivinga. Samtidig har lærarane vore blant dei som har ivra mest for ei talemålsnær rettskriving. (Bull, 1987). Haldningane ein får til skriftspråkvariasjon og formrikdom i skulen vil vera avgjerande for korleis denne variasjonen verkar inn på ein sjølv, hevdar Bull:

Aksepterer ein valfridommen og formrikdommen og møter han med toleranse og interesse, er ein sjølv sikkert villig til å leite seg fram til eit skriftspråklig uttrykk som høver for ein sjølv. Ein vil vel og vere villig til å etterprøve gamle val seinare i livet. Ser ein derimot på variasjonen med irritasjon og let seg forstyrre av han når ein les, vil han vel og oppfattas som forstyrrande interferens når ein sjølv skriv og må ta stilling i valet mellom ulike former (Bull, 1987, s. 44).

3. Metode og gjennomføring

Dette kapitlet startar med sjølve metoden eg har brukt i oppgåva. Deretter skildrar kapittelet korleis eg gjennomførte undersøkingane mine, og til slutt kjem ei drøfting av forskingsetikk og feilkjelder.

3.1 Val av metode

«Begrunnelsen for å velge én bestemt metode er at vi mener den vil gi oss gode data og belyse spørsmålet vårt på en faglig interessant måte», seier Olav Dalland i sitt klassiske arbeid om vitskapleg metode (Dalland, 2012, s. 111). For å finna ut kva for metodar som gav best data for å få svar på problemstillinga mi, gjennomførte eg ein pilotstudie i september 2013. Målet med den praktiske pilotstudien var å få erfaring med ulike datainnsamlingsmetodar, og å kartleggja kva for metodar som eigna seg best til å gi svar på problemstillinga i dette masterprosjektet. Eg kom fram til at eg ville satsa på kvantitative undersøkingsmetodar fordi kvantitative metodar legg vekt på breidde i datamaterialet (Grimen, 2004). Målet var å finna ut kva slags ulike jamstilte former som elevane trur blir brukte og som blir brukte på ulike skular i Sogn, og kva som kan vera med å forklara bruken av dei ulike formene. Breidde i analysematerialet vart difor viktig. I datainnsamlinga har eg brukt strukturert spørjeskjema og kvantitativ innhaldsanalyse av elevtekstar. Grunnen til at eg tok i bruk ei kvantitativ innhaldsanalyse av elevtekstar, i tillegg til spørjeskjema, var for å sjå om det var samsvar mellom ordformene elevane i spørjeskjema seier at dei skriv og dei ordformene som elevtekstane viser at dei skriv. Ved å ta i bruk både spørjeundersøking og innhaldsanalyse av tekstar vil resultata eg kjem fram til stå sterkare enn om eg berre hadde brukt ein av metodane, og det gjev dessutan grunnlag for samanlikning.

3.2 Val av informantar

Utval av informantar må byggja på problemstillinga for oppgåva (Grønmo, 2010). Problemstillinga i oppgåva mi kravde at eg valde elevar frå Sogn som informantar for å få svar på spørsmåla mine. Eg valde å skaffa informantar frå skular i indre og midtre Sogn, sidan det her er a-mål i dialekten. Informantane er elevar og lærarar ved tre ulike skular. Eg har omtalt desse skulane som skule A, B og C. Det var også eit medvite val at dei tre skulane ligg ulikt langt ifrå eit større regionsentrums, for betre å dekkja ein større del av midtre / indre Sogn. Skule C ligg nærmare regionsenteret enn skule A og B. Skule B er den «mest isolerte» skulen då ein herifrå må ta ferje for å koma til regionsenteret.

Eg bestemte meg for å gjennomføra undersøkinga mi blant 10. klasseelevar og lærarane deira.

Grunnen til at eg sikta meg inn på 10. klasseelevar var at dei truleg er meir medvitne om korleis dei skriv enn yngre elevar. Yngre elevar har lese og skrive mindre enn elevar i 10. klasse, og har såleis eit dårlegare grunnlag for å vera medvitne om korleis dei skriv og/eller om valfridomen i nynorsk. Eg tykte også det var positivt at elevane kanskje kunne auka sitt medvitne forhold til jamstilte former i nynorsk før ein eventuell nærståande norskeksamen. Det var også ein fordel at elevane i 10. klasse er over 15 år, og i følgje NSD (sjå vedlegg 1) då ikkje trengde samtykkeerklæring frå føresette for å delta i undersøkinga mi. Eg vurderte Sogndal vidaregåande skule, som er den største vidaregåande skulen i regionen, men kom fram til at det der er elevar frå andre område enn a-målsområda i Sogn. Ved vidaregåande skule vel også elevane ulike linjer, og elevgrunnlaget er ofte ulikt på dei ulike skulane. Eg bestemte meg difor for å ikkje ha undersøkinga mi ved den vidaregåande skulen, og heller satsa på 10. klassar ved ulike skular.

Når det gjeld lærarar sende eg spørjeskjema til alle lærarane som underviste i 10. trinn ved dei tre skulane.

3.3 Spørjeskjema og kvantitativ innhaltsanalyse av tekstar

For å få inn svar frå mange respondentar var det altså hensiktsmessig å bruka spørjeskjema i undersøkinga. Eit spørjeskjema er ei strukturert utspørjing med ferdigformulerte spørsmål i ei bestemt rekjkjefølgje og med faste svaralternativ for dei fleste spørsmåla (Grønmo, 2010). Det tok mykje tid å formulera gode spørsmål, og eg gjennomførte ein pilot i september med ein del av dei same spørsmåla. Denne piloten gjennomførte eg blant kollegium og ein 10. klasse ved den skulen der eg sjølv er lærar. Den skulen blei såleis utelukka frå å vera med i sjølve undersøkinga. Det kunne også vorte ei utfordring etiske sett å skulla vera forskar ved eigen arbeidsplass.

For å oppnå valide data blir det stilt store krav til utforminga av spørsmåla (Befring, 2002). Det vart difor avgjerande at spørsmåla og svaralternativa vart formulerte på ein måte som gjorde at alle respondentane forsto spørsmåla på den same måten, slik at dei i etterkant kunne samanliknast. I tillegg til at respondentane skal forstå spørsmåla på den saman måten, er det også avgjerande at respondentane forstår spørsmåla slik eg meiner dei (Dalland, 2012). Eg hadde god nytte av å utføra piloten for å sjekka om elevane og lærarane forsto spørsmåla mine. Tilbakemeldingar førte til at eg endra,- og tok vekk nokre av spørsmåla. Det var også viktig at spørjeskjemaet var sjølvinstruerande når det gjaldt måtar å svara på , og at det oppmuntra til gjennomføring og truverdige svar (Befring, 2002). Eg sende også det ferdige utkastet av det endelige spørjeskjemaet til nokre familiemedlemmar som gav meg tilbakemeldingar på om spørsmåla var forståelege og sjølvinstruerande. Dette førte òg til endringar.

I spørjeskjemaet byrja eg med lette og nøytrale oppvarmingsspørsmål ut frå tanken om at det er viktig at respondentane blir motiverte til å fullføra utfyllinga gjennom ein grei og enkel start (Ringdal, 2001). Vidare kom ein del spørsmål om korleis dei sa ulike ord i infinitiv. Desse spørsmåla kunne gi svar på om det var samanheng mellom korleis dei snakka og korleis dei skreiv. Deretter kom spørsmål om elevane har nynorsk som hovudmål, i kva grad dei likar å skriva nynorsk, og i kva grad dei kjenner seg sikre på rettskriving i nynorsk. Til desse spørsmåla fekk dei ulike lukka svaralternativ, slik at dei valde det alternativet som passa dei. Så kom spørsmåla om korleis elevane/lærarane skreiv ulike jamstilte nynorskord. Spørsmåla hadde då eit svaralternativ for kvar jamstilt nynorskform, og respondentane valde alternativet for den ordforma dei meinte dei brukte. Denne oppgåva har størst fokus på a,- og e-endingar i infinitiv, i tillegg til ein del andre jamstilte ordformer. Det vart difor mange spørsmål om korleis dei skreiv infinitivsord. Eg gav dei setningar med eit ope rom til eit ord i infinitiv som mangla. Respondentane skulle kryssa av for den forma dei ville ha inn. Det vart gjort slik for at elevane/lærarane skulle skjønna kva ord dei skulle velja utifrå kontekst. Viss dei hadde fått spørsmål om kva for infinitivsform dei valde berre ut frå einskildord i til dømes presens, hadde oppgåva vore vanskelegare å løysa. Truleg veit ikkje alle elevar kva infinitiv er for noko. I tillegg til a-/e-endingar i infinitiv tok eg med ordformer som har alternativ som er meir og mindre bokmålsnære, til dømes 'ønske' / 'ynske' og ord som har former som fell i hop med sognedialekten, til dømes 'so' / 'så'. Til slutt i spørjeskjemaet kom spørsmål om i kva grad elevane tykkjer det er stor valfridom i nynorsk eller ikkje, om dei meiner det bør vera valfridom i nynorsk eller ikkje, i kva grad elevane nyttar seg av ordbok og kva ordbok dei eventuelt nyttar (sjå vedlegg 4).

Bortsett frå nokre få justeringar var spørjeskjemaet til lærarane likt elevane sitt. I tillegg fekk lærarane spørsmål om dei underviser i norsk, og dersom dei gjer det; i kva grad dei legg vekt på å undervisa/opplysa elevane om dei jamstilte formene i nynorsknormalen (sjå vedlegg 5).

Eg laga digitale spørjeskjema ved hjelp av dataverktøyet Google Drive. Det er enkelt og greitt å laga spørjeskjema i dette programmet, og svara frå respondentane blei automatisk registrerte rett inn i eit Excel-skjema. Det var såleis tidssparande fordi eg slapp arbeidet med å overføra informasjon frå spørjeskjemaa til eige Excel-skjema.

Kvantitativ innhaldsanalyse går ut på å «systematisere de deler av innholdet i ulike dokumenter som er relevante for gitte problemstillinger» (Grønmo, 2010, s. 128). For å sjå om 10. klasseelevarne skriv det dei sa at dei skriv, var det formålstenleg å også bruka kvantitativ innhaldsanalyse av elevtekstar som metode. Eg gjorde ein dokumentanalyse av tekstane ved å registrera korleis elevarne skriv ein del utvalte ord. Dette tek eg grundigare føre meg under «Gjennomføring» seinare i kapittelet (s.22). Då eg samla inn elevtekstar sette eg ikkje noko anna kriterium enn at dei måtte vera skrivne på nynorsk av 10. klassingane ved dei tre skulane.

3.4 Innmelding av prosjektet til Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste (NSD)

Meldeplikttesten på NSD sine heimesider gav meg tilbakemelding om at eg måtte meldia prosjektet mitt før eg kunne setja i gang. Prosjektet måtte meldast fordi eg skulle bruka digitalt spørjeskjema i Google Drive. Etter å ha fått klarsignal frå NSD 22.januar 2014 (sjå vedlegg 1) starta eg med å kontakta rektorane ved dei ulike skulane.

3.5 Kontakt med skulane

Eg kontakta rektorane ved å senda dei ein e-post vedlagt informasjonsbrev og spørjeundersøking. To av skulane var raske med positive tilbakemeldingar, og rektorane sette meg i direkte kontakt med lærarar i 10. klassane, slik at eg avtala med dei når eg skulle koma. Den siste skulen måtte eg purra på for å få svar, men fekk til slutt positivt svar derifrå også. I tillegg var det ein skule som takka nei, og to skular som ikkje gav tilbakemelding i det heile.

3.6 Gjennomføring av spørjeundersøking og innsamling av elevtekstar

Den 26. februar 2014 var eg ved skule C for å gjennomføra spørjeundersøkinga mi. Grunnen til at eg kallar denne første skulen for C, er at eg allereie hadde byrja å jobba med innsamla data, og der kalla denne skulen for C, før eg skreiv dette kapittelet. Eg hadde informert om at elevarne trengde pc-ar til å gjennomføra undersøkinga, og at eg gjerne ville samla inn tekstar, dersom det var i orden for elevarne. Dagen før eg skulle dit hadde eg sendt lenkja til spørjeundersøkinga på e-post til læraren i

10. klasse, slik at ho la lenkja ut på klassen si norskside på læringsplattformen It's Learning like før eg kom. På førehand hadde eg tenkt ut kva eg skulle seia om prosjektet mitt og spørjeundersøkinga, slik at eg i størst mogleg grad skulle gjera ting likt ved alle dei tre skulane. Kva eg sa og gjorde kunne vera med å påverka resultata. Eg tok også med meg kopiar av informasjonsbrevet til elevane (sjå vedlegg 2).

Eg starta med å fortelja om meg sjølv, prosjektet mitt og kvifor eg var der. Deretter oppmuntra eg elevane til å delta i spørjeundersøkinga og til å dela tekstar med meg. Samtidig la eg vekt på at det sjølvsagt var heilt frivillig å delta og at dei når som helst kunne trekka seg, dersom dei skulle komma på det. Elevane fekk informasjon om anonymitet og at alle svar vart konfidensielt behandla. Elevane fekk ut informasjonsbrevet, og alle elevane var villige til å delta i spørjeundersøkinga. Dei fekk litt informasjon om kva type spørsmål dei ville få og korleis dei skulle få registrert svara sine. Dessverre var nettet på skulen nede, så elevane fekk ikkje gjennomført undersøkinga medan eg var der. Det var noko uheldig, for eg hadde sett for meg å vera der å svara på eventuelle spørsmål som kunne dukka opp undervegs. Læraren deira gjennomførte undersøkinga med klassen seinare same dag, og etter nokre timer kunne eg sjå svara deira på Google Drive. Frå skule C fekk eg inn svar frå 26 elevar. Det er ein svarprosent på 86,7 % frå denne klassen. Frå denne klassen fekk eg også inn 13 elevtekstar (43,3 %) på nynorsk. Desse fekk eg frå læraren deira på e-post.

Eg sende spørjeskjemaet på e-post til lærarane i 10. trinn ved skule C med informasjonsbrev og lenkje til spørjeundersøkinga. Frå skule C fekk eg inn svar frå 6 lærarar ved 10.trinn.

Den 19. mars 2014 gjennomførte eg spørjeundersøkinga ved skule B. Ved denne skulen hadde dei ikkje nokon læringsplattform, men den eine læraren på trinnet hadde lagt inn lenkja til spørjeundersøkinga på eit dokument i fellesområdet til elevane i førevegen, slik at elevane lett kunne kopiera adressa til nettlesaren. Ved skule B var det 30 elevar fordelt på to 10. klassar. Eg var først i den eine klassen, og deretter i den andre 10. klassen i timen etter. Eg informerte og delte ut informasjonsbrev i desse klassane på same måte som eg hadde gjort ved skule C. Eg gjekk rundt i klasserommet medan elevane svarte på undersøkinga. Det dukka opp nokre spørsmål som eg svara på medan eg var der. Deretter skreiv elevane ut nynorske tekstar som dei hadde skrive på ein skrivedag. Frå skule B fekk eg inn 28 elevsvar på spørjeundersøkinga. Det er ein svarprosent på 93,3 %. I tillegg fekk eg inn elevtekstar frå 25 elevar, som utgjer 83,3 % av elevane i 10. klasse.

Også til lærarane ved skule B sende eg informasjon og lenkje til spørjeundersøkinga på e-post. Frå denne skulen fekk eg inn 3 lærarsvar.

Skule A fekk eg koma til 2. april 2014. Ved skule A var det to 10. klassar. Eg var først med i den eine 10. klassen i starten av ein skuletime, og deretter med til den andre 10. klassen i timen etterpå. Elevane her hadde pc-ar på pultane, og læraren kopierte inn lenkja til spørjeundersøkinga til læringsplattformen deira før dei sette i gang. Frå skule A fekk eg inn 37 elevsvar. Det er ein svarprosent på 100 %. Frå skule A fekk eg elevtekstar frå den eine 10. klassen. Eg fekk tilsendt tekstar av 16 elevar, som utgjer 43,2 % av elevane i 10. trinn, frå læraren deira.

E-post med lenkje til spørjeundersøking og vedlagt informasjonsbrev vart sendt til lærarane ved 10. trinn. Frå skule A fekk eg inn to lærarsvar.

3.7 Databehandling

3.7.1 Registrering og behandling av spørjeskjema fra elevar og lærarar

I dataverktøyet Google Drive kom svara på spørjeskjema frå respondentane rett inn på eit Excel-skjema. I Google Drive laga eg også pivottabellar for alle dei ulike spørsmåla. Då fekk eg berre med tal og ikkje prosentar, så eg gjorde alle tala om til prosentstorleikar, slik at det skulle bli lett å sjå svara frå elevane og lærarane ved dei ulike skulane opp mot kvarandre (sjå tabellar i vedlegg 6). Deretter laga eg grafar av resultata i tabellane. I tillegg til pivottabellar over kvart enkelt spørsmål, laga eg nokre tabellar der eg kopla ulike spørsmål opp mot kjønn (sjå grafar i kapittel 4).

3.7.2 Registrering av ordformer i elevtekstar

Før registreringsarbeidet tok til hadde eg valt ut kva slags ordformer eg skulle leita etter. Orda eg valde å sjå nærmare på korleis elevane skreiv var 'a'-/'e'-infinitivar, 'så'/'so', 'da'/'då' og 'me'/'vi'. Grunnen til utvalet av desse orda var at det er høgfrekvente ord som eg mest truleg ville finna i dei fleste tekstane. Ein annan grunn til at eg ville sjå på desse orda var at dei har ei form som er meir bokmålsnær enn den andre og ei ordform som i stor grad fell i hop med sognedialekten.

Sjølve registreringa skjedde ved at eg merka dei orda eg var på leit etter, anten med markeringstusj på papir eller med merkefunksjonen i Word. Deretter oppretta eg eit spørjeskjema i Google Drive der eg la til spørsmål om skulenamn og eit spørsmål for alternativ skrivemåte for dei ulike orda. Så tok eg for meg kvar tekst og registrerte skulenamn og valte ordformer i Google Drive-skjemaet. Eg la også til svaralternativet 'ikkje registrert i teksten' på dei fire spørsmåla om ordformer. Det var nemleg ikkje i alle tekstane eg fann alle orda eg var på jakt etter. Då dette var gjort kunne eg laga pivottabellar og grafar over desse resultata, slik som eg allereie hadde gjort med resultata frå spørjeskjema.

3.8 Kvalitetssikring, validitet og reliabilitet

For å sikra kvaliteten i forskingsarbeidet er det viktig at ein fokuserer på at kunnskapen ein får fram er reliabel og valid. Reliabiliteten er høg dersom undersøkinga og datainnsamlinga gir pålitelege data. Reliabiliteten er derimot låg dersom skilnader i innhenta datamaterial skuldast utforminga av undersøkinga eller gjennomføringa av datainnsamlinga (Grønmo, 2010). For å sikra reliabiliteten i spørjeundersøkinga vart spørsmåla prøvde ut i ei pilotstudie og på familiemedlemmer før eg tok dei i bruk. I spørsmåla til elevane brukte eg ord og uttrykk som eg rekna med dei var kjende med, slik at ukjende faguttrykk ikkje skulle føra til problem. Eg var til stades i klasserommet då elevane svarte på spørsmåla på skule A og B, slik at elevane kunne stilla meg spørsmål dersom det var noko dei ikkje forsto. Det var uheldig at nettet var nede ved skule C den dagen eg var der, slik at eg ikkje fekk vore til stades også der. Det kan på den andre sida diskuterast om det at eg var til stades i større grad førte til at elevane valde dei svaralternativa dei trudde at eg ville dei skulle velja enn dei hadde gjort dersom eg ikkje var der. Eg kan heller ikkje vera sikker på at respondentane forsto spørsmåla, sjølv om eg var til stades og dei kunne stilla meg spørsmål.

I spørjeundersøkinga til lærarane var det ikkje så mange som deltok. Det var berre to lærarar frå skule A og tre frå skule B. Ved skule C deltok ein større del av lærarane, herifrå fekk eg inn svar frå 6 lærarar. Ved skule A og B utgjer lærarane som svara litt under 50 % av lærarane som jobbar i 10. trinn, medan ved skule C svara 85 % av lærarane. Det hadde vore ønskeleg med fleire lærarsvar frå skule A og B. Eg ser likevel resultata eg har funne som interessante, sjølv om utvalet er lite. I elevundersøkinga samla eg i tillegg inn tekstar, slik at eg kunne sjå om det elevane sa dei skreiv stemte overeins med det dei faktisk skriv. Her ligg det ei svakheit i at eg ikkje fekk inn tekstar frå alle elevane, og at prosentdelen av elevar eg fekk tekstar av er ulik ved dei tre skulane.

Frå lærarane hadde eg berre sjølvrapportering i spørjeskjema. Det kan jo tenkast at også dei kan ta feil av kva for ordformer dei eigentleg vel når dei skriv. Likevel vel eg å tru at lærarar er so pass medvitne om korleis dei skriv at sjølvrapporterte svar hovudsakleg stemmer overeins med reell praksis.

I registreringa av data var eg så nøyaktig som eg greidde, men kan likevel ikkje utelukka at det kan ha oppstått feilregistreringar undervegs.

I neste kapittel vil eg presentera funna frå undersøkingane mine. Det er ikkje alle spørsmåla frå undersøkinga som blir presenterte. Etter å ha jobba med dataa såg eg at det vart for mykje, og at alt

ikkje var like interessant for problemstillinga. Eg kjem til å presentera resultata for bruken av 'a'/'e'-ending i infinitiv, bruk av 'so'/'så', 'då'/'da', 'me'/'vi', 'y'/'u' eller 'ø' i ord og 'ggi' eller 'gg' i somme ord. I tillegg presenterer eg svar på spørsmål som kan vera med å påverka til korleis elevane skriv. Vidare vert funna mine drøfta spesielt opp mot faktorane dialekt, lærarane sin bruk og elev- og lærarhaldninga.

3.9 Forskingsetiske vurderingar

Som forskar er ein nøydd til å ta etiske omsyn. Med tanke på temaval og problemstilling seier Dalland at det er viktig at ein tenkjer igjennom kven som vil ha nytte av kunnskapen ein prøver å skaffa seg gjennom arbeidet med ei oppgåve (Dalland, 2012, s. 233). I mitt tilfelle kjem eg sjølv til å få mykje att for arbeidet, sidan eg aukar min eigen kompetanse. Eg håpar likevel også at andre kan dra nytte av det arbeidet eg skal gjera. Skulane som blir involverte i undersøkingane mine, vil òg kunna dra nytte av oppgåva ved at dei får eit bilet av korleis elevane skriv. Dette er informasjon som skulane kan gjera seg bruk av i skriveopplæringa. Studentar på tilsvarande studium som meg og lærarstudentar generelt vil kanskje også kunna finna oppgåva eg skriv interessant.


Det var viktig at respondentane mine fekk ei grei oppleving når dei var med i undersøkinga, slik at dei også vil vera med på liknande undersøkingar i seinare høve. Når eg er ferdig med masteroppgåva mi vil eg orientera dei involverte skulane om kva eg har kome fram til i undersøkinga mi, og gi alle involverte skular eit eksemplar av oppgåva. Når det gjeld resultata eg kjem fram til er det avgjerande at eg er ærleg i framstillinga og formidlinga av innsamla data. Forskaren må ifølgje Edvard Befring gjera «maksimalt for at saklege omsyn har forrang framfor utanforliggende forhold og forutinntatte vurderingar (Befring, 2002, s. 64). Det er også viktig at ein nyttar «aksepterte og akseptable metodar» både i arbeidet med innsamling av data og i analysane og vurderingane av dataa. Dette er viktig for å auka kvaliteten og validiteten i arbeidet (Befring, 2002, s. 64).

Anonymitet er for mange ein føresetnad for å delta i ei undersøking (Dalland, 2012). Det var difor vesentleg at spørjeskjema og elevtekstane ikkje hadde med namna på respondentane. Det var også viktig at eg gjorde det klart for elevane kva undersøkinga gjekk ut på, og at det var frivillig for elevane om dei ville vera med. Dei måtte også opplysast om at dei når som helst kunne trekkja seg frå undersøkinga. Elevane og lærarane måtte også informerast om at all informasjon blir behandla konfidensielt, og at undersøkinga er meldt til NSD. Dette skreiv eg i informasjonsbrevet.


4. Resultat og drøfting

I dette kapittelet skal eg presentera funna frå undersøkingane. Drøftingane av funna kjem til å skje undervegs i kapittelet. Eg vil først presentera deltakinga i undersøkinga. Deretter granskar eg bruk av infinitivsendingar og andre valfrie former. Dei andre valfrie formene tek for meg er bruk av 'so'/'så', 'då'/'da', 'me'/'vi' og 'ø' eller 'y'/'u' i nokre ord. For kvar av desse valfrie formene tek eg først for meg sjølvrapportert bruk frå elevar og lærarar og deretter ser eg på resultata frå tekstanalysen. Til sist kjem resultat og drøftingar av elevane og lærarane sine haldningar til valfridomen i nynorsknormalen.

4.1 Deltaking i undersøkinga




Frå skule A deltok 35,1 % jenter og 64,7 % gutar, frå skule B deltok 50 % jenter og 50 % gutar og frå skule C deltok 46,2 % jenter og 53,9 % gutar.




Frå skule A deltok 50 % kvinner og 50 % menn. Frå skule B og C deltok 66,7 % kvinner og 33,3 % menn.

4.2 Infinitivsendingar i dialekten



Ved skule A oppgir 89,19 % av elevane at dei brukar a-infinitiv og 10,81 % av elevane at dei brukar e-infinitiv i dialekten sin i ordet ‘vera’/‘vere’. Ved skule B oppgir 82,14 % at dei nyttar a-infinitiv og 7,14 % at dei har e-infinitiv. 10,71 % veit ikkje. Ved skule C oppgir 53,85 % at dei har a-infinitiv i dialekten og 46,15 % at dei har e-infinitiv i dialekten. Viss me samanliknar desse resultata med dei oppgjevne resultata for ordet ‘trena’/‘trene’, så ser me at prosentfordelinga er ganske lik når det gjeld den sjølvrapporterte bruken av ‘a’-/‘e’-infinitiv blant elevane.





Skule A: a-infinitiv: 86,49 %, e-infinitiv: 10,81 %, veit ikkje: 2,7 %.

Skule B: a-infinitiv: 85,71 %, e-infinitiv: 3,57 %, veit ikkje: 10,71 %.

Skule C: a-infinitiv: 57,69 %, e-infinitiv: 42,31 %.

Også for infinitivane ‘snakka’/‘snakke’ og ‘drikka’/‘drikke’ var resultata frå elevundersøkinga ganske like som for ‘vera’/‘vere’ og ‘trena’/‘trene’. Resultata viser at elevprosenten som oppgir at dei har a-

infinitiv i dialekten er veldig lik på skule A og B. Det er derimot fleire elevar som oppgir at dei har e-infinitiv i dialekten ved skule A enn ved skule B. Skule C skil seg litt frå skule A og B ved at fordelinga mellom a,- og e-infinitiv er jamnare. Ein mykje større prosentdel av elevane ved skule C oppgir at dei har e-infinitiv i dialekten enn ved skule A og B. Skule C ligg nærmare eit større sentrum, og har truleg fleire tilflyttarar med andre dialektar enn dei to andre plassane. Dette kan kanskje vera grunnen til at fleire elevar her oppgir bruk av e-infinitiv i dialekten sin. Det er interessant at resultata viser at ein del elevar ved skule C meiner dei varierer mellom a,- og e-endingar i dialekten alt etter kva ord det er snakk om. Resultata frå den sjølvrapporterte elevundersøkinga ved skule C viser at 53,85 % seier 'vera'/'væra' og 46,15 % seier 'vere'/'være', 57,69 % seier 'trena' og 42,31 % seier 'trene', 57,69 % seier 'bruka' og 42,31 % seier 'bruke', 50 % seier 'snakka' og 50 % seier 'snakke', 46,15 % seier 'drikka' og 53,85 % seier 'drikke'. Ein kan spørja seg om nokre ord har høgare status med e-infinitiv enn andre.



For lærarane er resultata frå alle spørsmåla om bruken av infinitiv i dialekten lik.


Skule A: a-infinitiv: 50 %, e-infinitiv: 50 %

Skule B: a-infinitiv: 100 %, e-infinitiv: 0 %

Skule C: a-infinitiv: 66,67 %, e-infinitiv: 33,33 %.

Likeins med resultata frå elevane er det også fleire lærarar ved skule C som oppgir at dei har e-infinitiv i dialekten. Det har også ein av lærarane ved skule A. Ved skule B har 100 % av lærarane a-infinitiv i dialekten sin.

4.3 Hovudmålet til elevane og lærarane




Ved skule A er 35,14 % av elevane jenter med nynorsk som hovudmål og 62,16 % av elevane er gutar med nynorsk som hovudmål. 2,7 % av elevane er gutar med bokmål som hovudmål. Ved skule B er 46,43 % av elevane jenter med nynorsk som hovudmål og 50 % er gutar med nynorsk som hovudmål. 3,57 % er jenter med bokmål som hovudmål. Ved skule C er 38,46 % av elevane jenter med nynorsk som hovudmål og 53,85 % er gutar med nynorsk som hovudmål. 7,69 % av elevane ved skule C er jenter med bokmål som hovudmål. Resultatet viser at dei aller fleste av elevane har nynorsk som hovudmål, men at ein liten prosentdel ved kvar skule har bokmål som sitt hovudmål. Skule C er den skulen med størst prosentdel av elevar med bokmål som hovudmål.




Diagrammet ovanfor viser at alle dei spurde lærarane har nynorsk som hovudmål.

4.4 Skriftleg bruk av infinitivsendingar

4.4.1 Elevane sin sjølvrapporterte skriftlege bruk av a,- og e-endingar i infinitiv




Totalt kryssar 56 % av elevane av for at dei skriv 'lesa', 41,76 % for at dei skriv 'lese' og 2,2 % veit ikkje. Ved skule A oppgir 54,05 % at dei skriv 'lesa', medan 45,95 % oppgir at dei skriv 'lese'. Ved skule B oppgir 75 % av elevane at dei skriv 'lesa' og 17,86 % at dei skriv 'lese'. 7,14 % av elevane har kryssa av for at dei ikkje veit kva dei skriv. Ved skule C er det fleire elevar som kryssar av for at dei skriv 'lese' (61,54 %) enn 'lesa' (38,46 %).




Når det gjeld ordet 'rekna'/ 'rekne' blir resultatet litt annleis enn for 'lesa'/ 'lese'. Totalt oppgir 67,03 % av elevane at dei skriv 'rekna', medan 29,67 % av elevane kryssar av for at dei skriv 'rekne'. For alle dei tre skulane viser det seg at ein litt høgare prosentdel av elevane oppgir at dei skriv a-infinitiv i dette ordet enn i ordet 'lesa'/ 'lese'. Størst skilnad for desse orda finn me ved skule C der heile 69,23 % av elevane oppgir at dei skriv 'rekna' mot berre 38,46 % som kryssar av for at dei skriv 'lesa'.


4.4.2 Bruk av a,- og e-endingar i infinitiv i elevtekstane



Resultatet frå elevtekstane viser at 100 % av elevane frå skule C skriv e-endingar, 75 % av elevane ved skule A skriv e-endingar, og 48 % ved skule B skriv e-endingar i infinitiv. Det viser seg også at 26 % av elevane skriv ei blanding av a-endingar og e-endingar. Desse resultata stemmer ikkje overeins med det elevane sjølv kryssar av for i spørjeskjemaet at dei skriv. Eg kan sjølvsgart ha fått ulike prosentar her, sidan eg ikkje har fått tekstar frå alle elevane. Men frå skule B fekk eg tekstar frå dei fleste. I elevtekstane frå skule B viser det seg at 12 % skriv a-endingar, 48 % skriv e-endingar, og heile 40 % blandar a,- og e-endingar. Dette tyder på at dei vekslar mellom a-endingar og e-endingar i infinitiv, og at dei kanskje ikkje er så medvitne på kva dei skriv. Eg ser det som usannsynleg at elevane nyttar systemet kløyvd infinitiv fordi det er så pass uvanleg, i Sogn spesielt, men òg etter kvart i Noreg generelt.

4.4.3 Lærarane sin sjølvrapporterte skriftlege bruk av a,- og e-endingar i infinitiv





Grafane ovanfor viser at lærarane ved skule B oppgir at dei berre nytta a-infinitiv i orda 'lesa' og 'rekna'. Ved skule A og skule C viser avkryssinga i spørjeskjemaat lærarane ikkje er konsekvente på om dei skriv a-endingar eller e-endingar i infinitiv. Ved skule A oppgir 50 % av lærarane at dei skriv 'lesa' og 50 % at dei skriv 'lese'. 100 % av desse lærarane oppgir derimot at dei skriv 'rekne' og ingen oppgir at dei skriv 'rekna'. Ved skule C viser også resultata frå spørjeundersøkinga ei jamn fordeling på orda 'lesa' (50 %) og 'lese' (50 %). Men her oppgir 66,67 % av lærarane at dei skriv 'rekna' og 30,77 % av lærarane at dei skriv 'rekne'.

86,49 % av elevane ved skule A oppgir at dei har a-infinitiv i dialekten sin, ved skule B oppgir 82,14 % a-infinitiv i dialekten sin og ved skule C oppgir 53,85 % at dei har a-infinitiv i dialekten sin. 10,71 % ved skule B påstår at dei ikkje veit om dei seier 'vera' eller 'vere'. Majoriteten av elevane oppgir altså a-infinitiv i dialekten og majoriteten av elevane påstår at dei skriv a-infinitivar. Likevel viser det seg i elevtekstane at berre 12 % av elevane ved skule B konsekvent skriv a-infinitiv. Ved alle dei tre skulane er det ein stor prosentdel av elevane som blandar a- og e-infinitiv i tekstane. Dette tyder på at elevane kanskje ikkje er så medvitne om kva dei eigentleg skriv. Dei trur dei skriv slik dei snakkar, men så viser det seg at det ikkje er tilfellet.

I bøker, aviser og tekstar er det oftast e-infinitivar å sjå. Det kan vera difor elevane også skriv e-endingar i infinitiv. I tråd med Brit Mæhlum kan ein òg tenkje seg at nokre elevar medvitne eller umedvitne vel den standardiserte e-infinitiven for å framstå som meir urbane, sentrale eller moderne (Mæhlum, 2007, s. 57). Flest elevar ved skule B skriv a-infinitivar. Skule B er den skulen som ligg mest avsides og lengst vekke frå eit større sentrum. Det at skulen ligg lengre vekke frå eit større sentrum enn dei to andre skulane vil nok kunna vera med å hjelpe elevane her til å halda på dei tradisjonelle, distriktstilknytte a-infinitivane. Ved skule C oppgir litt under 50 % av elevane at dei har e-infinitivar i dialekten sin. Her skriv alle elevane e-infinitivar, og det kan såleis vera at mange skriv slik dei snakkar. Som me såg i teorikapittelet viser Wiggen (1996) og Melby (2005) si forsking at elevane støttar seg til talemålet når dei skriv. A-målet er eit sterkt dialektdrag i sognedialekten, så ein

kan spørja seg om kvifje ikkje fleire elevar skriv a-infinitivar. Dette viser at andre ytre påverknadsfaktorar kanskje spelar ei større rolle enn det dialekten gjer. Rønnaug Aune gjorde i 1986 ein studie i bruk av valfrie former i bokmål. Likeins med meg, kom også ho fram til at elevane svarte i spørjeskjema at dei brukte meir talemålsnære former enn det det viste seg at dei gjorde i tekstan sine. Aune hevda at elevane som ho granska hadde manglande innsikt i eigen språkbruk (Aune, 1986).


Resultata frå spørjeskjema til lærarane ved skule A og C viser at dei ikkje er konsekvente på om dei skriv a,- eller e-endingar i infinitiv. Ved skule A er det også mange elevar som ikkje er konsekvente på kva for ending dei nyttar. Lærarane sin inkonsekvente bruk kan vera ein forklaringsfaktor for kvifje elevane heller ikkje er konsekvente i bruken av infinitivsendingar. Lærarane ved skule B ser derimot ut til å vera konsekvente i bruken av infinitivsendingar. Likevel er det ein større prosentdel elevar her enn ved dei andre to skulane som blandar a,- og e-endingar i tekstan sine. Ved skule C skriv alle elevane e-endingar sjølv om lærarane er inkonsekvente i sin bruk av infinitivsendingar. Lærarane ved skule C er dei som oppgir at dei legg mest vekt på å undervisa/opplysa elevane om valfridomen, medan lærarane ved skule B er dei som oppgir at dei legg minst på dette i undervisninga. Lærarane ved skule A oppgir at dei til ei viss grad legg vekt på valfridomen i undervisninga. Helge Sandøy si teori om normeringssirkelen frå 2004 seier at lærarane påverkar elevane, og også Roy Johansen si undersøking frå 1998 viste at elevar blir påverka av lærarane i val av former. Læraren si vektlegging av undervisning i valfridomen kan difor vera ein grunn til at elevane ved skule C er konsekvente i sin bruk av infinitivsendingar, at ein del av elevane ved skule A blandar a,- og e-endingar og at mange elevar ved skule B har blanda infinitivsbruk når dei skriv.

4.5 Andre valfrie former


4.5.1 So/så



Eit fleirtal av elevane ved alle dei tre skulane kryssar av for at dei skriv 'so'. Totalt oppgir 61,54 % av elevane at dei nyttar ordforma 'so' når dei skriv.



Elevtekstane viser stikk motsett av kva elevane sjølve oppgir. Her viser det seg at 68,52 % av elevane skriv 'så', og ikkje 'so' som dei rapporterer sjølve. Ein del av elevane (9,26 %) hadde ikkje dette ordet med i tekstane, og 12,96 % av elevane er ikkje konsekvente på kva dei skriv, og blandar 'så' og 'so' i tekstane sine.




Totalt oppgir 81,82 % av lærarane at dei skriv 'så', og 18,18 % at dei skriv 'so'. Ingen av lærarane frå skule A oppgir at dei skriv 'so'. I elevundersøkinga er det flest elevar frå skule A som oppgir at dei skriv 'so'.

I sognedialekten fell ordforma 'so' saman med uttalen av ordet, altså med trong, runda /o/. Også når det gjeld dette ordet, som a-endingane i infinitiv, ser det ut til at fleirtalet av elevane trur dei skriv dialektnært, men i praksis gjer dei likevel ikkje det. Ifølgje den språklege tilpassingsteorien varierer me språket vårt alt etter kven me er i dialog med (Mæhlum, 2003a). Det er difor mogeleg at elevane skriv 'so' i fritida og 'så' i skulesamanheng.


Fleirtalet av lærarane oppgir at dei skriv 'så'. Elevane kan vera medvitne eller umedvitne påverka av lærarane til å skriva 'så' i skuletekstar, medan dei skriv 'so' i mindre formelle tekstar. Kanskje er det

som Hernes (2012) kom fram til, nemleg at elevane i uformelle tekstar vel former dei kjenner seg mest heime i, medan dei i formelle tekstar vel former dei meistrar best (Hernes, 2012). Det kan også vera at elevane vel dei ordformene som lærarane skriv og tilrår for å oppnå betre karakterar, i tråd med det Johansen (1998) diskuterer.

4.5.2 Då/da




Totalt oppgir 62,64 % av elevane at dei skriv den konservative ordforma 'då', medan 30,77 % oppgir at dei skriv den radikale ordforma 'da'. Skule C skil seg frå dei to andre skulane ved at fleire elevar herifrå oppgir (42,31 % av elevane) at dei skriv 'da'. Ved skule B oppgir totalt 14,29 % av elevane at dei ikkje veit kva for ordform dei skriv.



Resultatet frå elevtekstane viser at ved skule A skriv fleire av elevane 'då' enn det dei sjølve oppgir. 72,97 % av elevane ved skule A meiner sjølve at dei skriv 'då', men tekstane viser at heile 81,25 % av elevane ved skule A skriv 'då'. 12,5 % av elevane ved skule A skriv 'da' og 6,25 % av elevane blandar 'då' og 'da' i tekstane sine. Ved skule B viser elevtekstane at 40 % av elevane skriv 'då', 8 % skriv 'da' og 20 % av elevane er inkonsekvente på val av ordform. I elevtekstane frå skule C var 76,92 % av


tekstane utan ordet 'då'/'da'. Mange elevar kan nok ikkje reglane for bruk av 'då'/'da' og 'når' godt nok. I tekstane med dette ordet i var det heilt lik fordeling mellom 'då', 'da' og ei blanding av formene (7,69 %).




100 % av lærarane ved skule B og C rapporterer at dei skriv 'då'. Ved skule A er det 50 % som oppgir at dei skriv 'da' og 50 % som oppgir at dei skriv 'då'.

Det tradisjonelle sognedialektsordet er verken 'da' eller 'då', men /dao/. Ein kan difor ikkje seia noko om elevane skriv som dei snakkar her eller ikkje, og det er heller ikkje sikkert at alle elevane seier /dao/ sjølv om dei er i frå Sogn. Den standardiserte munnlege nynorsken som blant anna blir brukt av journalistar og nyheitsankrarar på Tv og i radio nyttar ordforma 'då'. Det kan difor vera at elevane synest 'då' ligg nærmare si eiga dialekt enn 'da'. Fleirtalet av elevane ved skule A og B nyttar ordforma 'då' i tekstane sine. Ved skule B oppgir også 100 % av lærarane at dei skriv 'då'. Det er såleis mogleg at elevane tek etter lærarane i val av denne ordforma. Skule C skil seg litt frå dei andre to skulane ved at fleire elevar her påstår at dei skriv 'da' enn ved dei to andre skulane. Det er også ved skule C det er flest elevar med bokmål som hovudmål, så det kan vera grunnen til at dei vel den bokmålsnære forma også i nynorsk. I tillegg er det ved skule C nokre elevar som seier dei likar betre å skriva bokmål enn nynorsk, sjølv om dei har nynorsk som hovudmål. (Sjå grafar på s. 46). I elevtekstane frå skule C er det mange tekstar som ikkje har dette ordet, og det blir difor vanskeleg å seia så mykje om reell bruk kontra sjølvrapportert bruk.


4.5.3 Me/vi



Heile 82,4 % av elevane ved dei tre skulane oppgir at dei skriv 'me'. 14,3 % av elevane oppgir at dei skriv 'vi'. Fordelinga er slik for dei som rapporterer at dei skriv 'vi' ved dei tre skulane: skule A: 5,41 %, skule B: 14,29 % og skule C: 26,92 %. Utifrå grafen nedanfor ser me at sjølvrapporteringa frå elevane ved skule C stemmer godt overeins med resultata frå elevtekstane for det personlege pronomenet.



Ved skule A skriv 75 % av elevane 'me'. Dei resterande 25 % hadde ikkje brukt dette personlege pronomenet i tekstane sine. Ved skule B skriv 52 % av elevane 'me', 8 % skriv 'vi', 36 % har ikkje brukt ordet i tekstane og 4 % blandar 'vi' og 'me'. Av elevane ved skule C nyttar 61,54 % varianten 'me', 23,08 % skriv 'vi' og 15,36 % av elevane hadde ikkje ordet i tekstane sine. Sidan veldig mange av elevane ved skule A og B ikkje hadde 'me'/'vi' i tekstane sine, og sjølvrapporteringa ved skule C stemte godt overeins med funna i tekstane, vel eg å brukta sjølvrapporteringa frå elevane ved skule A og B når eg drøftar bruken.




Av lærarane ved skule A oppgir 50 % at dei skriv ‘me’ og 50 % at dei skriv ‘vi’. Ved skule B kryssar 100 % av lærarane av for ‘me’, og ved skule C oppgir 83,83 % av lærarane at dei skriv ‘me’ og 16,67 % at dei skriv ‘vi’.


I indresognsmål blir det personlege pronomenet i 1.person fleirtal uttala /me:/, medan det i midtresognsmål blir uttala /mi:/ (Haugen, 2004). Ordforma ‘me’ er såleis den som ligg nærmast lokaldialekten i alle dei tre skuleområda. Heile 82,42 % av elevane oppgav at dei skriv det dialektnære ‘me’ framfor det meir bokmålsnære ‘vi’, som berre 14,29 % av alle elevane seier dei skriv. Eg vil påstå at /me:/og /mi:/ er eit sterkt dialektdrag i sogndedialekten, og er eit av dei orda som skil Sogn frå resten av fylket. I Sunnfjord og Nordfjord har dialektane /vi:/. Dette kan vera med på å forklara kvifor elevar i Sogn vel å skriva ‘me’. På den eine sida kan det vera at elevane vel å skriva slik at dei får fram si geografiske tilknyting, men på den andre sida er det då merkeleg at ikkje fleire elevar vel å skriva a-endingar i infinitiv, noko som også er eit sterkt dialektdrag for sognemålet. Ordet ‘me’ er kanskje eit meir markert ord i dialekten enn a-endingane i infinitiv. Som me ser i grafen ovanfor oppgir dei fleste lærarane at dei skriv ‘me’, noko som også kan påverka elevane til å gjera det same.

4.5.4 ø eller y/u?


Elevar: Mitt største ØNSKE/YNSKE gjekk i oppfylling




Lærarar: Mitt største ØNSKE/YNSKE gjekk i oppfylling.




Elevar: Ho har ei SØSTER/SYSTER.




Lærarar: Ho har ei SØSTER/SYSTER.



Elevlar: I morgen er det SØNDAG/SUNDAG



Lærarar: I morgen er det SØNDAG/SUNDAG.




Ifølgje elevane si sjølvrapportering held dei seg ikkje anten til dei konservative formene med 'y'/'u' eller dei radikale formene med 'ø' i orda 'søster'/'syster', 'ønske'/'ynske' og 'søndag'/'sundag'. Ved skule A oppgir 86,49 % av elevane at dei skriv 'ønske', 64,86 % at dei skriv 'søster' og 100 % av elevane at dei skriv 'søndag'. Dei resterande prosentdelane av elevane oppgir at dei skriv med 'y'/'u'. Ved skule B oppgir 64,29 % av elevane at dei skriv 'ønske', 42,86 % av elevane at dei skriv 'søster' og 78,57 % av elevane at dei skriv 'søndag'. Ved skule C oppgir 76,92 % av elevane at dei skriv 'ønske', 80,77 % at dei skriv 'søster' og 100 % av elevane at dei skriv 'søndag'. Ved alle desse tre orda er det flest elevar ved skule B som oppgir at dei skriv dei konservative formene med 'y'/'u'. Ved skule B oppgir også 100 % av lærarane at dei skriv dei konservative formene 'syster' og 'ynske'. Det kan vera


lærarane sin bruk av desse orda som gjer at ein del elevar ved denne skulen også vel dei konservative formene. Denne skulen er den av dei tre som ligg lengst frå regionsenteret. Som sagt tidlegare trur eg det vil vera lettare for lærarar og elevar ved skular som ligg lengre vekke frå større sentrum å halda på dei tradisjonelle dialekttilknytte skriftvariantane. Ved skule B var det då også fleire elevar som skriv a-endingar i infinitiv enn ved dei to andre skulane. Det er også mogleg at det ved dei tre skulane er skilnad på korleis orda 'ønske'/'ynske' og 'søster'/'syster' vert uttala i dei lokale variantane av sognedialekten. Dei 4,4 % av elevane som vel å skriva 'sundag' går også på skule B. 50 % av lærarane ved skule C skriv dessutan også 'sundag'. Ved alle dei tre skulane oppgir eit stort fleirtal av både elevar og lærarar at dei skriv 'søndag' og ikkje 'sundag'. Det kan såleis sjå ut som om 'sundag' kanskje er på veg ut av skriftnormalen i desse områda.



4.5.5 gg eller ggj?

**Elevar: Det er varmt å
LIGGA/LIGGE/LIGGJA/LIGGJE i sola ein heil dag.**



**Lærarar: Det er varmt å
LIGGA/LIGGJA/LIGGE/LIGGJE i sola ein heil dag.**






Når det gjeld bruk av 'gg' eller 'ggi' i orda 'bygga'/'bygge'/'byggja'/'byggje' og 'ligga'/'ligge'/'leggja'/'leggje' ser det ikkje ut til at elevane ved dei tre skulane i nokon særleg grad vert påverka av lærarane sin bruk av desse orda. Ved skule A oppgir 54,05 % av elevane at dei skriv 'gg' og 45,04 % at dei skriv 'ggi' i 'bygga'/'bygge' / 'byggja'/'byggje'. 70,27 % av elevane oppgir at dei skriv 'gg' og 29,73 % av elevane at dei skriv 'ggi' i ordet 'ligga'/'ligge'/'leggja'/'leggje'. 100 % av lærarane ved skule A oppgir at dei skriv 'gg' i begge orda. Ved skule B oppgir 71,42 % av elevane at dei skriv 'gg' og 28,57 % av elevane at dei skriv 'ggi' i ordet 'bygga'/'bygge'/'byggja'/'byggje'. Elevane ved skule B har ein nesten heilt lik svarprosent for ordet 'ligga'/'ligge'/'leggja'/'leggje'. 100 % av lærarane oppgir at dei skriv 'ggi' i begge orda. Ved skule C oppgir 61,54 % av elevane at dei skriv 'gg' og 38,46 % at dei skriv 'ggi' i ordet 'bygga'/'bygge'/'byggja'/'byggje'. Ein tilsvarande prosentdel av elevane oppgir 'gg' og 'ggi' også i ordet 'ligga'/'ligge'/'leggja'/'leggje'. 16,67 % av lærarane ved skule C oppgir at dei skriv 'gg' og 83,33 % av lærarane oppgir at dei skriv 'ggi' i 'bygga'/'bygge'/'byggja'/'byggje'. I ordet 'ligga'/'ligge'/'leggja'/'leggje' oppgir 33,34 % av lærarane at dei skriv 'gg', medan 66,66 % av lærarane oppgir at dei skriv 'ggi'.

Ved skule C vel altså ikkje lærarane lik skrivemåte for desse to orda, medan lærarane ved skule A og B er konsekvente i sin bruk. Elevane ved skule B og C er også nokså konsekvente i sin bruk av 'gg' og 'ggj' i desse to orda, medan elevane ved skule A er litt meir inkonsekvente. Sjølv om 100 % av lærarane ved skule B vel 'ggj' i begge desse orda, er det ved denne skulen det er lågast prosentdel av elevane som oppgir at dei nyttar 'ggj'. Det var litt overraskande at ikkje ein større del av elevane nyttar denne konservative forma ved skule B, sidan flest elevar ved denne skulen både skriv a-endingar i infinitiv og brukar 'y'/'u' i staden for 'ø' i 'ønske'/'ynske', 'søster'/'syster' og 'søndag'/'sundag'. Det kan vera at 'y'/'u'-lyden i desse orda held seg betre i dialekten enn 'ggj'-lyden, og at elevane skriv det dei seier. Samtidig har resultata frå bruken av e,- og a-infinitivane vist at elevane trur dei skriv som dei snakkar, men at det ikkje er tilfellet. Også ved skule B og skule C oppgir fleirtalet av elevane at dei skriv 'gg' i staden for 'ggj'.

4.6 Elevhaldningar og lærarhaldningar som påverknadsfaktor for bruken av jamstilte former


4.6.1 I kva grad elevane likar å skriva nynorsk og bokmål

Nedanfor kjem ei oversikt over i kva grad elevane ved dei ulike skulane likar å skriva nynorsk og bokmål. 1=dårleg, 5=svært godt



Ein større prosentdel ved skule B oppgir at dei likar dårlig å skriva nynorsk enn ved skule A og skule C. Det er også flest elevar ved denne skulen som oppgir at dei mislikar å skriva bokmål, sjå neste figur nedanfor. Det kan såleis sjå ut som om det er fleire elevar ved skule B enn ved skule A og C som ikkje likar å skriva generelt. Me må elles merka oss at det er så mange elevar som oppgir at dei likar å skriva nynorsk. Totalt oppgir 40,7 % av elevane at dei likar å skriva nynorsk i grad 4, og 28,6% av

elevane oppgir grad 5 på kor godt dei likar å skriva nynorsk. Skule C skil seg ut ved at det er ein større prosentdel som oppgir høgaste grad (42,3 %) enn ved dei andre to skulane.



Ved skule B gir heile 39,3 % det å skriva bokmål lågaste karakter. Det er mange fleire elevar som mislikar så sterkt å skriva bokmål ved skule B enn ved skule C (11,5 %) og skule A (2,7 %). Til gjengjeld er det ein større prosentdel ved skule A og C som gir karakteren 2 enn ved skule B. Det er flest elevar ved skule C som likar godt å skriva bokmål. Det er også der det er størst prosentdel med bokmål som hovudmål. Dette kan kanskje påverka at fleire elevar ved skule C vel å skriva meir bokmålsnært enn ved dei andre to skulane, jf. resultat for e-endingar i infinitiv, 'me'/'vi' og 'då'/'da'.


4.6.2 I kva grad lærarane likar å skriva nynorsk og bokmål

Nedanfor kjem ei oversikt over i kva grad elevane ved dei ulike skulane likar å skriva nynorsk og bokmål. 1=dårleg, 5=svært godt




Me ser ovanfor at dei aller fleste lærarane likar svært godt å skriva nynorsk. I figuren nedanfor ser me at lærarane er delte når det kjem til i kva grad dei likar å skriva bokmål. Lærarane ved skule A er

mest positive til å skriva bokmål, medan lærarane ved skule C er mest negative til å skriva bokmål. Ein skulle kanskje difor ikkje tru at lærarane ved skule C vel bokmålsnære former når dei skriv nynorsk og at elevane vert påverka av dette. På den andre sida er det naturlegvis skilnad på å skriva bokmålsnære former i nynorsk og på å skriva skriftspråket bokmål. Lærarane kan velja dei bokmålsnære formene i nynorsk, sjølv om dei mislikar å skriva bokmål. Somme lærarar ved skule B er veldig positive til å skriva bokmål, og likevel viser det seg at lærarane ved skule B er dei lærarane som nyttar mest konservative nynorskformer ved dei tre skulane.




4.6.3 Kva målform elevane og lærarane helst skriv i fritida




Ein ser her at ein større prosentdel ved skule C (15,4 %) helst skriv bokmål på fritida samanlikna med skule B (10,7 %) og skule A (9,9 %). Dette stemmer overeins med at det også ved skule C er flest elevar som er positive til å skriva bokmål. Det kan kanskje også vera at den skulen som ligg nærmast regionsenteret har fleire elevar som helst skriv bokmål enn skulane som ligg lengre vekke. Ved skule B og C er det flest jenter som svarar at dei helst skriv bokmål, medan det ved skule A ikkje er nokon jenter som helst skriv bokmål, men derimot 5,4 % av gutane som helst skriv bokmål. Totalt sett for dei tre skulane er det fleire jenter enn gutter som vel å skriva bokmål. Det kan vera at jentene vert

meir påverka av dei formene som dominerer i landet. Jenter er i følgje Røyneland meir opne for det dominerande enn det gutar er (Røyneland, 2005). Dette stemmer derimot ikkje for skule A. Når ein ser resultatet for kva mål elevane helst skriv i fritida opp mot kva hovudmål elevane har, er resultatet ganske likt. Svaret kan difor vera så enkelt som at elevane helst skriv hovudmålet sitt i fritida. Det er likevel ein større prosentdel (5,49 %) som oppgir at dei helst skriv bokmål på fritida utan at dei oppgir at dei har bokmål som hovudmål.

100 % av lærarane svarte at dei helst skriv nynorsk i fritida:




4.6.4 Kor gode elevar og lærarar sjølve meiner dei er i nynorsk rettskriving




Heile 48,35 % av elevane kryssar av for at dei sjølve meiner dei er 'ganske gode' i nynorsk rettskriving. Under 10 % meiner dei er 'svært gode'. Ved skule B er det totalt 10,7 % som seier at dei er 'ganske dårlige' og 7,14 % som seier at dei er 'svært dårlige'. Ved skule A er det 2,7 % som synest dei er 'ganske dårlige' og 2,7 % som synest dei er 'svært dårlige'. Ingen av elevane ved skule C ser på

seg sjølv som 'ganske dårlige' eller 'svært dårlige' i rettskriving. Ved skule C er det også fleire elevar (19,23 %) som oppgir at dei er 'svært gode' enn ved dei to andre skulane. Ein kan kanskje gå ut frå at elevar som er gode i rettskriving vil vera meir medvitne på korleis dei sjølve skriv enn elevar som ikkje er gode på rettskriving. Viss me ser på elevane som har svara 'veit ikkje', så viser det seg at det samla sett er flest elevar ved skule C som ligg her. Elevtekstane viste også at det var flest elevar ved skule C som blanda a- og e-endingar i infinitiv. Elevane sitt meistringsnivå i rettskriving kan såleis kanskje vera med på å forklara kvifor mange elevar er inkonsekvente på bruk av a- og e-endingar i infinitiv.



Frå diagrammet ovanfor ser me at 50 % av lærarane ved skule C svarar 'svært god'. Det gjorde også ein del elevar her. Kor sjølvsikre lærarane er i rettskriving kan smitta over på elevane, då lærarane si meistringsforventning i følgje Skaalvik og Skaalvik, som tek utgangspunkt i Albert Bandura, har stor betyding for undervisninga og for elevane si læring (Skaalvik & Skaalvik, 07).

4.6.5 Elevane og lærarane sine haldningar til å kunna velja former




Figuren ovanfor viser at 72,97 % av elevane ved skule A seier at det er ‘litt positivt’ eller ‘veldig positivt’ å kunna velja mellom jamstilte former i nynorsk. 60,72 % av elevane ved skule B kryssar av for ‘litt positivt’ eller ‘veldig positivt’ og 57,69 % av elevane ved skule C kryssar av for det same. Berre 10,81 % av elevane ved skule A ser det som ‘litt negativt’, medan det ved skule B og skule C er ein veldig lik prosentdel som ser på valfridomen som negativ (21,43 % og 26,92 %). Vel 15 % av elevane ved alle dei tre skulane kryssar av for ‘veit ikkje’ på dette spørsmålet. Eg såg også på om det var skilnader mellom gutter og jenter i haldninga til val av former. Det viste seg at resultatet for gutter og jenter var nokså likt, bortsett frå at ein større prosentdel gutter (21,15 %) svara ‘veit ikkje’ enn jenter (10,26 %). Dette resultatet viser at elevane ved skule A er mest positive til å velja former, deretter kjem elevane ved skule B og til sist elevane ved skule C.

Kan det vera nokon samanheng mellom å vera negative til å velja former og å oppleva manglande meistring på den eine sida, og på den andre sida ein samanheng mellom meistring av rettskriving og medvit om og konsekvens i bruken av variantane? Granskinga mi viser at elevane ved skule C held seg konsekvent til e-endingar i infinitiv i tekstane sine, blandar ikkje ‘vi’ og ‘me’ i tekstane sine, og berre ein liten prosentdel ved skule C (7,69 %) blandar ‘så’ og ‘so’ i tekstane sine. Kanskje er det altså heller slik at elevar som er mest negative til val av former er dei som er mest medvitne om kva dei sjølve skriv, og dermed ikkje blandar former i tekstane sine.


I oppfølgingsspørsmålet til førre spørsmål om kvifor elevane svarte som dei gjorde, legg mange av elevane som er positive blant anna vekt på følgjande: Det kan vera greitt å skriva orda slik ein uttalar orda/pratar, at det er «naturleg», fordi dei likar å skriva ord slik «det passar meg best» og fordi det då er mindre sjanse for å få feil i det dei skriv. Veldig mange elevar har ikkje kome med noka grunngjeving for kvifor dei svara som dei gjorde, og har blant anna skrive: «veit ikkje» og «fordi». Elevar som er negative til valfridomen har blant anna grunngjeve det med at det er lett å vera inkonsekvent, at nokre ord liknar for mykje på bokmål, og at det kan vera forvirrande at eit ord kan skrivast på mange måtar; «då blir eg meir usikker om det er rett eller ikkje», som ein elev uttrykkjer det. I kapittelet om teori og forskingstradisjon nemnde eg Gunnstein Akselberg si undersøking som viser at elevar meiner det er «viktig å kunna nytta alternative former med omsyn til personlegdom, identitet og individualitet» (Akselberg, 2009). Elevane i mi undersøking verkar ikkje å vera like medvitne i høve denne problemstillinga. Funna mine fell likevel delvis i hop med funna til Akselberg. Me skal dermed sjå vidare på om elevane svarar ‘ja’ eller ‘nei’ på om ein bør kunna velja mellom jamstilte former:

Elevar: Bør ein kunna velja mellom jamstilte former kopla til kjønn




Ved skule A svarar totalt 64,86 % av elevane 'ja' og 16,22 % svarar 'nei'. 18,92 % veit ikkje. Ved skule B svarar 60,71 % 'ja', 32,14 % 'nei' og 7,14 % 'veit ikkje' og ved skule C svarar 57,69 % av elevane 'ja', 34,62 % 'nei' og 7,69 % 'veit ikkje'. Totalt sett svarar godt over halvparten av elevane (61,54 %) 'ja', berre 10,99 % svarar 'nei' og 27,47 % 'veit ikkje'. Det er ikkje stor skilnad mellom skulane her på kva for svaralternativ elevane gir. Ganske mange elevar har ikkje noka klar formeining om ein skal kunna velja mellom jamstilte former eller ikkje. Likevel ser me her, som i førre spørsmål, at elevane ved skule A er mest positive, deretter elevane ved skule B og til sist elevane ved skule C. Ser me på fordelinga kjønna imellom så er det gutar ved skule A som er mest positive og også gutar ved skule A som er mest negative. Samla sett er det også for dette spørsmålet fleire gutar enn jenter som svarar 'veit ikkje'. Totalt sett er det berre 4,4 % jenter og 6,59 % gutar som svarar 'nei'. Dette viser at elevane ved dei tre skulane samla sett er positive til at ein skal kunna velja mellom jamstilte former.

Lærarar: Ser du det som positivt eller negativt at du kan nytta ulike ordformer når du skriv nynorsk?



Ingen av lærarane er veldig negative eller veldig positive til å kunna nytta ulike ordformer. Alle lærarane svarar at det er 'litt positivt' eller 'litt negativt' at ein kan nytta ulike former når ein skriv nynorsk. Lærarane som er 'litt positive' grunngjev synet sitt med at det er fint å kunna velja former som ligg nærmast eige talemål og at talen på den måten kan styra skriftspråket. Ein lærar seier også at «kvar einskild skal kunne ha ein høveleg plass i nynorsken, dette får ein med fleire valmoglegheiter». Dei lærarane som er 'litt negative' grunngjev det med at det er forvirrande med

mange former, at nokre former er med på å viska ut skiljet mellom nynorsk og bokmål og at det kan føra til at elevane vert mindre konsekvente.




Totalt sett er 63,6 % av lærarane positive til å kunna velja ordformer, 9 % er negative og 27,3 % har svara 'veit ikkje'. Ganske mange lærarar har altså ikkje nok sterk meining i om ein skal kunna velja mellom jamstilte former i nynorsk eller ikkje.

Akselberg konkluderte i undersøkinga si med at fleire elevar og lærarar meinte at ein ikkje bør ha valfrie former i nynorsk, men at både elevane og lærarane var innbyrdes ueinige i høve dette (Akselberg, 2009). Det viser seg også i mi undersøking at elevar som gruppe og lærarar som gruppe ikkje har éi meining om dette, men at majoriteten av både elevar og lærarar er positive til dei valfrie formene. I tillegg finn eg at det er mange, både elevar og lærarar, som ikkje veit kva dei skal meina i høve denne problemstillinga. Eit fleirtal av elevane ved alle dei tre skulane er positive til valfridomen. Dette skil undersøkinga mi frå Aanes si undersøking som viste at fordelinga var lik mellom dei elevane som ønskte ein skriftnormal med valfridom og dei som ønskten mindre valfridom (Aanes, 2011).

4.6.6 I kva grad lærarane legg vekt på valfridomen i undervisninga

1=i liten grad, 5=i stor grad



Resultatet ovanfor viser at det er skilnad mellom lærarane ved dei ulike skulane i graden av vektlegging av valfridomen i norskundervisninga. Lærarane ved skule C er dei som oppgir at dei legg mest vekt på å undervisa om valfridomen, medan lærarane ved skule B er dei som oppgir at dei legg minst vekt på dette i undervisninga. Lærarane ved skule A oppgir at dei til ei viss grad legg vekt på valfridomen i undervisninga. I elevtekstane viste det seg at elevane ved skule C er mest konsekvente når det gjeld bruk av endingar i infinitiv, bruk av 'så'/'so' og bruk av 'vi'/'me'. Lærarane ved skule B legg minst vekt på valfridomen i undervisninga, og det er også ved denne skulen det er flest elevar som blandar a,- og e-endingar i infinitiv. Det er også berre ved denne skulen eg registrerer at nokre elevar (4 %) blandar 'vi' og 'me' i tekstane sine, og det er ved denne skulen det er flest elevar (16 %) som blandar 'så' og 'so' i tekstane. Lærarane si vektlegging av valfridomen i undervisninga kan vera med på å gi desse resultata. Samtidig skal me også ha i bakhovudet at det er ved denne skulen elevane sjølvé meiner dei er dårligast i rettskriving. Dette kan kanskje også vera ein grunn til at lærarane prioriterer vekk å undervisa om valfridomen i rettskrivinga. Celia M. Berg fann i si undersøking frå 1999 at valfridomen i undervisninga var lite vektlagt (Berg, 1999b). Mi gransking støttar hennar – også eg finn at valfridomen kan bli meir vektlagt i undervisninga ved to av skulane.

5. Konklusjonar

Undersøkinga mi viser at mange elevar trur dei skriv talenære infinitivsendingar. Over 75 % av elevane ved dei tre skulane oppgir at dei har a-endingar i dialekten, og rundt 60 % av elevane oppgir at dei brukar infinitivsendinga 'a' når dei skriv. Likevel viser det seg at det ikkje er tilfellet, og at 56 % av elevane nyttar e-endingar i infinitiv. Resultatet tyder på at mange av elevane er umedvitne om kva slags former dei vel å bruka når dei skriv. Det er også over 25 % av elevane som blandar a,- og e-endingar i infinitiv i tekstane sine. Berre eit fåtal skriv konsekvent a-endingar i infinitiv. Sidan a-

infinitiv er eit sterkt dialektdrag i sognemålet må det vera andre faktorar som fører til at elevane skriv som dei gjer i infinitiv.

I høve til infinitivsendingane er det også skilnader mellom dei tre skulane. Tekstane viser at elevane ved skule C konsekvent skriv e-endingar, elevane ved skule A skriv anten e-endingar eller ei blanding, medan det berre ved skule B er elevar som konsekvent held seg til a-endingar (12 %). Også ved skule B blandar 40 % av elevane infinitivsendingane og den resterande 48 prosentdelen av elevane skriv e-endingar. Ved skule B oppgir lærarane at dei konsekvent held seg til a-endingar både i tale og skrift, og kan difor vera ein mogleg påverknadsfaktor til kvifor det her er elevar som også held seg konsekvent til a-endingar. Både ved skule A og skule C er lærarane inkonsekvente når det gjeld infinitivsendinga. Det er mogleg at læraren sin inkonsekvens kan påverka elevane til å vera inkonsekvente. I tillegg kan det også sjå ut til at lærarane si vektlegging av undervisning i og opplysning om jamstilte former i undervisninga kan ha noko å seia for om elevane blandar infinitivsendingar eller ikkje. Ved skule C legg lærarane mest vekt på å undervisa elevane i jamstilte former, og ved denne skulen er det ingen elevar som blandar verken a- og e-endingar i infinitiv eller 'me' og 'vi' i tekstane sine. Roy Johansen viser at fridomen til å skriva talemålsnært i liten grad vert brukt av elevane (Johansen, 1999). Dette er også tilfellet når det gjeld infinitivsendingar for elevane i undersøkinga mi.

I tillegg til a-endingar er det personlege pronomenet /me:/ eller /mi:/ i 1.person fleirtal eit sterkt dialektdrag i sognedialekten. Over 86 % av elevane oppgir at dei skriv 'me'. Det viser seg i elevtekstane at berre 9,26 % av elevane skriv 'vi'. Dei elevane som skriv 'vi' går på skule B og C, flest av dei ved skule C. Likeins med e-endingar i infinitiv, vil elevane stort sett møta 'vi' i tekstar i bøker og media. Resultatet for det personlege pronomenet viser at elevane truleg skriv dette ordet dialektnært. I teorikapittelet viste eg til fleire granskinger som syner at elevane støttar seg til talemålet når dei skriv. Granskinga mi viser at dette stemmer for ordet 'me', men ikkje for a-infinitiven. 'Me' er kanskje eit ord som er meir markert i dialekten, og dermed vert det lettare å vera konsekvent i bruken av ordforma. Lærarane kan også vera ein sterk påverknadsfaktor til å skriva varianten 'me', ettersom over 80 % av lærarane totalt seier dei brukar 'me' når dei skriv. Likeins med resultatet for infinitivsendingar er det flest elevar ved skule C som vel den bokmålsnære forma 'vi'. Det kan såleis sjå ut til at elevane ved den mest sentrumsnære skulen oftare vel dei bokmålsnære formene enn elevane ved dei to skulane som ligg lengre vekke frå regionsenteret.

Når det gjeld variabelen 'så'/ 'so' finn eg, som for infinitivsendingane, at elevane trur dei skriv dialektnært. Dette stemmer ikkje overeins med formvala i tekstane deira. Mæhlums teori om at ein i skriftspråket kan oppleva normkonfliktar dersom ein ønskjer å skriva talemålsnært samtidig som ein ønskjer å bruka meir prestisjefulle ordformer kan vera med å kasta lys over kvifor elevar vel å skriva det bokmålsnære 'så' i staden for det konservative 'so' som fell i hop med dialekten.

Granskinga mi viser at det er mange tekstar som ikkje har ordet 'da'/'då' i det heile. Mange elevar skriv i staden 'når'. Tekstane som har ordet viser at det ved skule C er ei heilt lik fordeling mellom prosentdelen elevar som brukar 'da', 'då' og ei blanding mellom 'da' og 'då'. Ved skule A og skule B brukar fleirtalet av elevane ordfoma 'då', og ved skule B er det i tillegg mange elevar som blandar 'da' og 'då' i tekstane sine.

Når det gjeld bruken av dei andre valfrie formene eg har undersøkt, finn eg at elevane ved skule B i større grad nyttar seg av dei konservative formene med 'y'/'u' i 'syster' og 'sundag' i staden for dei bokmålsnære formene med 'ø' ('søster' og 'søndag') enn elevane ved skule A og C. Ved alle dei tre skulane skriv fleirtalet av elevane 'gg' i staden for 'ggi' i orda 'byggja'/'bygga'/'byggje'/'bygge' og 'leggja'/'ligga'/'liggje'/'ligge'. Totalt sett viser det seg at nokre av elevane ved skule B skriv meir konservativt enn elevane ved skule A og C. Dette kan skuldast at det truleg er lettare for elevar ved skular som ligg lengre vekke frå større sentrum å halda på dei tradisjonelle dialektilknytte skriftvariantane.

Elevane er stort sett positive til å kunna velja mellom jamstilte former når dei skriv. Mange synest det er bra å kunna skriva talenært, medan nokre få elevar meier det er forvirrande med jamstilte former. Lærarane har også ulike meningar om dette. Ingen av lærarane er verken veldig positive eller negative til valfridomen. Grunngjevingane deira fell saman med elevane sine. Ein del lærarar peiker på at det er ein fordel å kunna skriva talenært, medan andre ser ulempa med at mange jamstilte former kan føra til forvirring for elevane. Elevane ved skule C er minst begeistra for valfridomen. Det er også elevane ved skule C som er mest konsekvente i bruk av former, og det er også flest elevar ved skule C som skriv bokmålsnære former. Det kan såleis kanskje vera at haldninga elevane har til valfridomen kan ha noko å seia for kva for former dei skriv. Me hugsar at undersøkinga til Akselberg (2007) konkluderte med at fleire elevar og lærarar ved ein vidaregåande skule i Hordaland meinte at ein ikkje bør ha valfrie former i nynorsk. I granskinga mi finn eg at elevane er positive til normvalfridomen og at lærarane som gruppe ikkje har eintydige meningar om dette.

I 2007 skreiv Mæhlum om nokre av skilnadane mellom verdiane til ein dialekt og verdiane til eit standardtalemål. Ho knyter desse ulike verdiane til dialekt og standardtalemål:

Dialekt:

1. Spesifikk geografisk tilknyting
2. Mindre prestisjefullt, stigmatisert
3. Uformelt, kvardagsleg, privat
4. Ruralt, distriktstilknytt
5. Tradisjonelt

(Mæhlum, 2007, s. 57).

Standardtalemål :

- overregionalt, geografisk nøytralt
prestisjefullt
formelt, offisielt
urbant, sentralt
moderne

Standardtalemålet har verdiar som for ungdommane har høgare status enn verdiane dialekten har. Gapet mellom dialekt og standard kan forklara kvifor elevane medvite vel å skriva prestisjeformer eller kvifor dei umedvite i større grad nyttar variantar som fell saman med bokmålsformene enn variantar som fell saman med taalemålsformer i sognedialekten. Dette kan også vera med på å forklara kvifor det er flest elevar ved skulen som ligg nærest regionsenteret som nyttar bokmålsformene. Dei har gjerne eit større medvite eller umedvite ønskje om å bli oppfatta som urbane og sentrale enn elevane ved dei to andre skulane.

Avslutningsvis er det òg relevant å dra inn Tove Bulls poeng om at elevane sitt skriftspråk blir påverka av mengda og arten av det dei les (Bull, 1987, s. 45). Ungdommane les truleg meir på bokmål enn nynorsk i media, Internett og i skjønnlitterære bøker. Dette kan dermed føra til at somme elevar umedvite vel bokmålsnære former framfor dei dialektnære formene når dei sjølve skriv.

6. Sluttord om vegen vidare

Elevane trur i somme tilfelle at dei skriv talenære former, sjølv om elevtekstane viser at dette ikkje alltid stemmer. Mange av elevane er heller ikkje konsekvente i val av former i tekstane sine. Dette kan tyda på at elevane sjølve kanskje ikkje er medvitne på kva for former dei sjølve skriv i nynorsk, og ein kan spørja seg om valfridomen i nynorsknorma kanskje bør få større plass i norskopplæringa. Kanskje kan dette òg vera meir vektlagt i norskstudia på høgskular og universitet, slik at lærarane blir konsekvente i sin bruk av former.

Trass i den nye rettskrivinga i nynorsk vedtok fylkeskommunen i Sogn og Fjordane hausten 2013 sine eigne språkreglar. Dei tilsette blir ifølgje desse lokale språkreglane pålagde å skriva 'vi' i staden for 'me' og e-endingar i infinitiv. Dette har vekt reaksjonar i Sogn. Blant anna har redaktør i Sogn Avis, Jan Inge Fardal, sagt at han tykkjer dei nye reglane til fylkeskommunen er uheldige (NRK Sogn og Fjordane, 2014). Direktør Arnfinn Muruvik Vonen i Språkrådet har òg hevda at dei tilsette i fylkeskommunen burde få velja mellom dei likestilte formene (Pedersen & Svanes, 2014).

Sjølv stiller eg meg undrande til at fylkeskommunen ikkje ønskjer å støtta opp om a-infinitiven, sidan så få elevar skriv a-infinitiv og denne forma er under press. Elevane hadde hatt nytte av å sjå denne varianten meir i bruk, og å vita at det er lov å nytt a-infinitiv på lik linje med e-infinitiv på arbeidsplassar i Sogn.

I NRK diskuterer dei også om dei bør og kan laga ei eiga norm. Ifølgje eit intervju med Ragnhild Bjørge, språksjef i NRK, er det mange journalistar som ønskjer ei eiga NRK-norm, slik at dei slepp å

velja former sjølve. Framleis held NRK seg til den offisielle rettskrivinga. Journalistane kan såleis velja former innanfor norma. Bjørge seier vidare at det er mange sterke meningar om temaet, og ho åtvarar om ei for stram norm, fordi denne fort kan føra til opprør i NRK (Lønnum, 1/2014). Med tanke på at eit stort fleirtal av elevane i materialet mitt er positive til valfridomen i nynorsk, kan ein spørja om det vil vera ein fordel om også NRK vil halda fram med å lata journalistane velja kva for former dei vil nytta i arbeidet sitt.

Ei kvar samfunnsvitskapeleg undersøking vil ha sine svakheiter i bruk av metode. Det har også mi undersøking. I undersøkinga mi hadde eg eit lite utval lærarar og gjennomførte spørjeundersøkingar ved tre skular. Eg kan difor ikkje bruka resultata frå denne oppgåva til å generalisera over alle lærarar og elevar. Det hadde difor vore interessant å gjera den same undersøkinga i større skala. Det at eg ikkje fekk inn elevtekstar frå alle elevane er også noko eg ser på som ei mogleg feilkjelde. I tillegg til at eg ikkje fekk inn tekstar frå alle elevane, var det mange av tekstane som ikkje hadde alle orda eg ville sjå nærmare på. Det hadde vore interessant å granska fleire tekstar frå elevane, tekstar der dei orda eg var på jakt etter var representerte.

Eg ser også i ettertid at eg burde ha hatt med fleire spørsmål om korleis elevane snakkar og også spørsmål til elevane om kva for faktorar dei sjølve trur dei vert påverka av når dei skriv. Det er likevel ikkje sikkert elevane er medvitne om kva for faktorar som påverkar dei mest. I tillegg ville eg i ettertid ha hatt med alternativet 'ei blanding av formene' i spørsmåla som går på kva slags former elevane vel. Eg kunne også med fordel hatt med spørsmål til elevane om i kor stor grad dei meiner norsklæraren vektlegg å undervisa i dei valfrie formene. Når det gjeld bruk av metode ville kanskje intervju ha fått endå betre fram kva for haldningar elevane og lærarane har til dei valfrie formene, og metodetriangulering kunne sikkert ha styrka oppgåva mi. Med eit så pass stort materiale verka det likevel som litt for arbeidskrevjande å gjennomføra både spørjeundersøkingar, intervju og tekstanalyse i denne oppgåva.

Ved ei seinare undersøking ville det vera interessant å ta for seg fleire ord både i spørjeundersøking og i elevtekstar, for å sjå om elevane skriv slik dei trur dei skriv. Det ville også vera interessant å prøva å finna fleire årsaker til at elevar i Sogn skriv det dialektnære 'me', men vel e-endingar i infinitiv. Ein seinare studie vil kanskje kunna seia noko meir om kvifor somme ord blir skrivne dialektnært og andre ord ikkje blir skrivne dialektnært.

7. Litteraturliste

- Aanes, A. (2009). Valfridom i nynorsk - eit problem for eleven? *Språkrådets skrifter Nr. 1 Klamme former og sær skriving? Språklege rettar, sidemål og rettskriving i ein ny skulealder*, ss. 18-43.
- Aanes, A. (2011). Forvirring eller frigjering? *Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. Nr. 28*.
- Akselberg, G. (2009). Haldningar til talemålsnormering og talespråkleg praksis blant ei gruppe elevar og lærarar i den vidaregåande skulen. I H. Omdal, & R. Røsstad, *Språknormering - i tide og utide*. Oslo: Novus.
- Anderson, R. (2007). Nynorskkompetanse og haldningar til nynorsk hjå studentar i "nynorskland". I G. Akselberg, & J. Myking, *Å sjå samfunnet gjennom språket Heidersskrift til Helge Sandøy på 60-årsdagen 14.06.2007* (ss. 23-31). Oslo: Novus.
- Aune, R. (1986). Talemål og skriftspråk. En studie i bruk av valgfrie former i bokmål blant skoleelever på Steinkjer. Hovedfagsavhandling i nordisk. Verdal: Universitetet i Trondheim.
- Befring, E. (2002). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Fagernes: Det Norske Samlaget.
- Berg, C. (1999a). "La oss skrive slik det er naturlig og behagelig": om kjennskap og haldningar til den heterogene skriftnorma hos nokre avgangselevar i vidaregåande skule. Bergen: Hovudfagsoppgåve ved Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Berg, C. (1999b). Valfridomen og eleven Om korleis nokre elevar i vidaregåande skule opplever ein vid skriftnormal i praksis. I H. Omdal, *Språkbrukeren - fri til å velge?* (ss. 47-59). Kristiansand: Trykkeriet, Høgskolen i Agder.
- Bull, T. (1987). Er valfridom og slingringsmonn i rettskrivinga ein pedagogisk føremonn? Om offisiell rettskrivningsnormering og konsekvensar for skoleverket. I L. Mæhle, E. Lundeby, & O. Grønvik, *Fornyng og tradisjon Språkvern og språkrøkt 1972-1988* (ss. 39-49). Oslo: Norsk Språkråd/J.W.Cappelens Forlag a.s.
- Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving for studenter*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Eiksund, H. (2011). *Med nynorsk på leselista. Ein komparativ studie av lesevanar blant ungdommar på Sunnmøre og i Trøndelag*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Fretland, J., & Søyland, A. (2013). *Rett og godt: handbok i nynorskundervisning*. Oslo: Samlaget.
- Grimen, H. (2004). *Samfunnsvitenskapelige tenkemåter*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Grønmo, S. (2010). *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Gundersen, D. (1987). Om valgfrihet i norsk rettskriving. I L. Mæhle, E. Lundeby, & O. Grønvik, *Fornyng og tradisjon Språkvern og språkrøkt 1972-1988* (ss. 27-38). Oslo: Norsk Språkråd/J.W. Cappelens forlag a.s.
- Haugen, R. (2004). *Språk og språkhaldningar hjå ungdomar i Sogndal*. Henta 08.05.2014 frå https://bora.uib.no/bitstream/handle/1956/2423/Dr.Avh.Ragnhild_Haugen.pdf?sequence=2
- Hernes, R. (2012). Bokmål eller nynorsk – er det spørsmålet? ei granskning av “den nynorske lekkasjen”. *Maal og Minne 2/2012*, ss. 59-60.

- Johansen, R. (1998). "Åffer skriver vi hvordan når vi mener åffer?" Forholdet mellom talemål og bruk av valfrie skriftspråkformer i bomål hos ungdomsskoleelevar. Hovudoppgåve. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Johansen, R. (1999). Bruk av talemålsnære skriftspråkformer i bokmål. I H. Omdal, *Språkbrukeren - fri til å velge? Artikler om homogen og heterogen språknorm* (ss. 122-136). Kristiansand: Trykkeriet, Høgskolen i Agder.
- Juuhl, G. (2014). *I det mykje skrivne Ei undersøking av ungdoms digitale tekstar i skule og fritid som situerte, retoriske handlingar*. Oslo: Avhandling for ph.d-graden Det humanistiske fakultet.
- Kinn, T. (2013). Nynorskrettskrivinga av 2012. Henta 15.03.2014 frå http://www.folk.uib.no/hfotk/nynorsk_2012.pdf
- Lockertsen, R. (2007). Valfridom og norsk språk. I G. Akselberg, & J. Myking, *Å sjå samfunnet gjennom språket* (ss. 125-132). Oslo: Novus AS.
- Lønnum, E. (2014). Norsk språkkringkasting. *Språknytt 1/2014*, ss. 6-9.
- Melby, H. (2005). "No e æ færdi me EKSAMEN" - en undersøkelse av rettskrivingsavvik blant trønderske tiendeklassinger. Hovedoppgave i nordisk språk Institutt for lingvistiske og nordiske studier Universitetet i Oslo.
- Mæhlum, B., & Røyneland, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet Innføring i studiet av dialekter*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Mæhlum, B. (2003a). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte Innføring i sosiolingvistikk* (ss. 104-123). Oslo: J.W. Cappelens Forlag a.s.
- Mæhlum, B. (2003b). Normer. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte Innføring i sosiolingvistikk* (ss. 87-103). Oslo: J.W. Cappelens Forlag a.s.
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner. Når språk møtes*. Oslo: Novus forlag.
- Omdal, H. (2003). Lærerens rolle i implementering av norske språkformer. I H. Omdal, & R. Røsstad, *Krefter og motkrefter i språknormeringa Om språknormer i teori og praksis* (ss. 221-237). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Omdal, H. (2004). Norsklærerne og overføring av språknormer. *Språknytt 3-4/2004*, ss. 12-17. Henta 02.08.2014 frå <http://www.sprakradet.no/upload/9119/Snytt043.pdf>
- Omdal, H., & Vikør, L. S. (2002). *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk*. 2.utg. Oslo: Cappelen.
- Pedersen, N., & Svanes, B. (2014). *NRK Sogn og Fjordane*. Henta 15.03.2014 frå http://www.nrk.no/sognogfjordane/far-ikkje-skriva-_me_-og-_vera_-1.11537010
- Ringdal, K. (2001). *Enhet og mangfold Samfunnsvitenskapelig forskning og kvantitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Røyneland, U. (2005). *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande område, Røros og Tynset*. Henta 10.07.2014 frå <http://folk.uio.no/unnr/Avhandling/KAP%206.pdf>

- Sandøy, H. (2003a). Den norske normeringssirkelen. I H. Omdal, & R. Røsstad, *Krefter og motkrefter i språknormeringa* (ss. 259-271). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Sandøy, H. (2003b). Skriftvariasjon. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy, *Språkmøte Innføring i sosiolinguistikk* (ss. 167-196). Oslo: J.W. Cappelens Forlag a.s.
- Simonsen, G. (2004). Sidemål nå igjen - fy faen! II. Sletten, *Nordens språk med røtter og føtter*. København: Nordisk Ministerråd.
- Skaalvik, E., & Skaalvik, S. (2007). Lærernes mestringsforventninger: utprøving av en norsk skala og sammenheng med utbrenthet og skolekontekst. *Spesialpedagogikk 0207*, ss.52-71.
- Skjøng, S. (2011). Lærarkompetanse: nøkkelen til god nynorskopplæring. I B. Jansson, & S. Skjøng, *NORSK = NYNORSK OG BOKMÅL EI GRUNNBOK OM NYNORSK I SKOLEN* (ss. 77-108). Fagernes: Det Norske Samlaget.
- Slethei, K. (2003). Språkteknologi som normeringsagent. I H. Omdal , & R. Røsstad, *Krefter og motkrefter i språknormeringa Om språknormer i teori og praksis* (ss. 273-283). Kristiansand: Høyskoleforlaget AS.
- Språkrådet. (4. september 2014,). Ny rettskriving i nynorsk 2012. Henta 09.09.2014 frå <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/>
- St.mld. nr. 23 (2007-2008). *Språk bygger broer*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Vikør, L. S. (2002). Utviklinga av nynorsk 1950-2000. *Språknytt*, 30 årgang 3-4/2002, ss. 6-9.
- Wiggen, G. (1996). Norsk rettskriving: Hva er vanskelig for elevene, og hvilke regler bør kunne revurderes på grunnlag av praktisk-pedagogiske erfaringer? I H. Omdal, *Språknormering og språkbrukar Artiklar frå seminar ved Universitetet i Bergen* (ss. 149-165). Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Wiggen, G. (1997). Hvorfor har vi så stor valgfrihet i bokmålet? *Språknytt 1997/1*. Henta 20.05.2014 frå http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/Spraaknytt_1997/Spraaknytt_1997_1/Hvorfor_har_vi_saa_stor_valgf/

8. Vedlegg

Vedlegg 1: Kvittering frå NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Gry Heggli
Institutt for pedagogikk Universitetet i Bergen
Christies gate 13
5020 BERGEN

Vår dato: 21.01.2014

Vår ref: 36873 / 2 / KH

Deres dato:

Deres ref:

Harald Håfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 02.01.2014. Meldingen gjelder prosjektet:

36873	<i>Å vere eller å vera, det er spørsmålet.</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet i Bergen, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Gry Heggli</i>
Student	<i>Solveig Tveit Eggum</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personoppelingsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personoppelingsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personoppelingsloven og helsereserveforet med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.11.2014, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Katrine Utaaker Segadal

Kjersti Haugstvedt

Kontaktperson: Kjersti Haugstvedt tlf: 55 58 29 53

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Solveig Tveit Eggum solveigtveit@hotmail.com

Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.

Avdelingskontorer / District Offices

OSLO NSD Universitet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo Tel. +47-22 85 52 11 nsd@uio.no
TRONDHEIM NSD Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim Tel. +47-73 59 19 07 kyrre.svarva@svt.ntnu.no
TROMSØ NSD SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø Tel. +47-77 64 43 36 nsdmaa@sv.uit.no

Personvernombudet for forskning



Prosjektvurdering - Kommentar

Prosjektnr: 36873

Personvernombudet legger til grunn at det er innhentet tillatelse for rekruttering av elever og lærere av aktuelle skolers ledelse.

Vi finner informasjonsskrivet til utvalget tilfredsstillende utformet forutsatt at navn og kontaktopplysninger til daglig ansvarlig tilføyes.

Dersom elever under 15 år inkluderes i studien er det en forutsetning at det innhentes samtykke fra foreldre.

Datamaterialet anonymiseres innen prosjektslutt 01.11.14 ved at verken direkte eller indirekte personidentifiserbare opplysninger fremgår.

Vedlegg 2: Informasjonsskriv til elevar og lærarar

Førespurnad om å delta i forskingsprosjektet

”Å vere eller å vera, det er spørsmålet.”

Bakgrunn og formål

Eg er student ved Universitetet i Bergen, og skal skriva masteroppgåve om kva slags jamstilte ord frå nynorsknormalen (ord som i følgje ordboka har ulike skrivemåtar) elevar og lærarar vel å bruka ved skular i Sogn.

Eg har valt å koncentrera meg om elevar i 10.klassar i Sogn, og lærarar ved skulane til desse elevane. Det er difor du no får førespurnad om å delta i prosjektet mitt.

Kva inneber det å delta i studien?

Deltakinga inneber at du svarer på eit kort spørjeskjema på Internett. Spørjeskjemaet er eit avkryssingsskjema der du skal kryssa av for ulike ord du nyttar når du skriv nynorsk. I tillegg vil eg også sjå på ein tekst du har skrive, for å sjå på kva slags ordformer du nyttar i skriftspråket ditt. Eg kjem ikkje til å bry meg om innhald eller eventuelle skrivefeil i teksten din, berre sjå på somme ord som det i følgje ordboka er mogeleg å skriva på ulike måtar.

Kva skjer med informasjonen du oppgir?

Alle personopplysninga vil bli behandla konfidensielt. Det er berre eg som kjem til å ha tilgang til opplysningane. Alt blir lagra på pc-tilgang tilknytt brukarnamn og passord.

Opplysningane du gir vil ikkje føra til at du eller andre vil kunna kjenna deg att i publikasjon av masteroppgåva.

Prosjektet skal etter planen avsluttast 1.november 2014. Alle opplysningars som du gir i spørjeskjemaet vil då bli sletta og alle tekstar blir makulerte.

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekkja samtykket ditt utan å oppgi nokon grunn. Dersom du trekkjer deg, vil alle opplysningars du har gitt bli sletta.

Dersom du har spørsmål til prosjektet, ta kontakt med Solveig Tveit Eggum, tlf.

48150525

Studien er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

Dagleg ansvarleg ved NSD: Gry Heggli, tlf. 55 28 21 17.

Med vennleg helsing

Solveig Tveit Eggum

Vedlegg 3: Førespurnad til rektorane

Hei _____

Eg held for tida på med å skriva masteroppgåve i norsk. Eg skal skriva oppgåve om kva slags jamstilte ord frå nynorsknormalen elevar og lærarar vel å bruka ved skular i Sogn. I det høvet lurar eg på om eg kan få koma og gjennomføra ei spørjeundersøking blant elevar og lærarar ved 10. trinn ved _____ skule. Spørjeundersøkinga er nettbasert og tek ikkje lang tid. Passar det i så fall _____? Lærarane kan få lenkja til spørjeundersøkinga på e-post, og gjennomføra den når det passar.

Eg lurar også på om eg kunne ha fått sett på tekstar som elevane i 10.klasse har skrive. Eg vil gjerne sjå på kva ordformer dei vel, for å sjå om elevane skriv det dei seier dei skriv. Forsking har vist at mange elevar ikkje sjølve er medvitne på kva dei skriv. Eg ønskjer også å sjå på kva ordformer lærarane vel, for å sjå om det er nokon samanheng mellom kva former lærarane vel og kva former elevane vel. Det hadde difor vore supert viss eg hadde fått lov til å sjå på vekeplanar og/eller andre dokument som lærarane på 10.trinn har skrive.

Det er sjølv sagt valfritt for elevane og lærarane om dei ønskjer å delta i undersøkinga. Elevane i 10.klasse er over 15 år, så det trengst difor ikkje noko samtykke frå foreldra til å delta i denne undersøkinga.

Som vedlegg ligg spørsmåla i spørjeundersøkinga og informasjonsskriv til elevar og lærarar.

Med vennleg helsing

Solveig Tveit Eggum

Vedlegg 4: Spørjeundersøkinga til elevane

Korleis skriv du nynorsk?

Nedanfor får du spørsmål om korleis du snakkar og korleis du skriv nynorsk. Det tek ikkje lang tid, men ta deg god nok tid til å kryssa i det alternativet som passar best for deg. Du skal berre kryssa i eitt alternativ på kvart spørsmål. Tusen takk for at du hjelper meg med å gi svar på korleis bruken av ulike former i nynorsk er i dag. Helsing Solveig Tveit Eggum

* Required

Kjønn *

- jente
- gut

Kva for skule går du på? *

- Flatbygdi skule
- Kaupanger skule
- Hafslo barne- og ungdomsskule

Spørsmål om korleis du snakkar *

Kva seier du helst?

- Eg skal ut og TRENE i kveld.
- Eg skal ut og TRENA i kveld.
- Veit ikkje

Spørsmål om korleis du snakkar *

Kva seier du helst?

- Det er kjekt å VERE på ferie.
- Det er kjekt å VERA på ferie.
- Veit ikkje

Spørsmål om korleis du snakkar *

Kva seier du helst?

- Eg kjem til å BRUKE mykje pengar.
- Eg kjem til å BRUKA mykje pengar.
- Veit ikkje

Spørsmål om korleis du snakkar *

Kva seier du helst?

- Kan du SNAKKE litt høgare?

- Kan du SNAKKA litt høgare?
- Veit ikkje

Spørsmål om korleis du snakkar *

Kva seier du helst?

- Eg må DRIKKE mykje etter trening.
- Eg må DRIKKA mykje etter trening.
- Veit ikkje

I kva grad likar du å skriva nynorsk? *

1 2 3 4 5

Dårleg. Svært godt.

I kva grad likar du å skriva bokmål? *

1 2 3 4 5

